

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Lærdal kommune
Møtedato: 6.12.2021 kl. 09:00
Møtestad: Rådhuset – formannskapssalen

SAKLISTE

17/2021 Godkjenning av møtebok
18/2021 Skriv og meldingar – orienteringssaker
19/2021 Framlegg til møteplan for kontrollutvalet 2022
20/2021 Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport om arbeidsmiljø i oppvekstsektoren

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Richard Nesheim, tlf: 95 26 13 18 eller e-post richard.nesheim@pwc.com.
Varamedlemar møter etter nærare avtale.

Lærdal, 25.11.2021

Njål Kaardal Golf
Leiar (sign)

Richard Nesheim
Sekretariat

Kopi:
Ordfører
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 17/2021 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 6.12.2021	Sak nr 17/2021
---	------------------------------	--------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 14.6.2021 vert godkjent.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	27.9.2021		Møtebok frå møtet 27.9.2021

Kontrollutvalet i Lærdal kommune**Møtebok****Møtedato:** 27.9.2021**Møtetid:** 09.00 – 12.00**Møtestad:** Rådhuset – formannskapssalen**Saksnr.:** 14/21 – 16/21

Følgjande medlemer møtte	Parti
Njål Kaardal Golf	Sp
Britt Bruflot Gram	Sp
Jens Rikheim	SV
Guri Olsen	H
Egil Natvik Vestrheim	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Njål Kaardal Golf
Frå sekretariatet møtte:	Richard Nesheim
Frå kommunen møtte:	Rådmann Gunn Lerøy, deltok under handsaminga av sak 15
Frå revisjonen møtte:	Revisor Rune Mydland deltok under handsaminga av del av sak 15
Utdelt i møte:	

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering:	Ope/unnateke off.
14/2021	Godkjenning av møtebok		O
15/2021	Skriv og meldingar – saker til oppfølging		O
16/2021	Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2022		O

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 14/2021 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	27.9.2021	14/2021

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå møtet 14.6.2021 vert godkjent.

27.9.2021 KONTROLLUTVALET

KON-14/21 VEDTAK:

Møteboka frå møtet 14.6.2021 vert godkjent.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 15/2021 Skriv og meldingar – orienteringssaker

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 27.9.2021	Saknr 15/2021
---	------------------------------	-------------------------

Refererte skriv og meldingar:

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	Ikkje datert	Lærdal kommune	Saksframlegg til sak 80 i formannskapet – Status omstillingsprosjektet – samt presentasjon
2	Ikkje datert	Lærdal kommune	Saksframlegg til sak 83 i formannskapet – Økonomi- og handlingsplan 2022 - 2025
3	16.08.21	Lærdal kommune	Vedlegg til sak 16 i administrasjonsutvalet den 24.08.2021 – Informasjon til administrasjonsutvalet om sjukefråvær
4	3.09.21	KPMG	Egenvurdering av uavhengighet
5	Ikkje datert	Forum for kontroll og tilsyn	Invitasjon til kurs: kontrollutvalgslederskolen
6	September 2021	KPMG	Plan for revisjon 2021 – samt vurdering knytt til forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga
7		Lærdal kommune	Tertialrapport for 2. tertial

Framlegg til vedtak:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

27.9.2021 KONTROLLUTVALET

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet drøfta kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på komande møte

Orienteringar i møtet:

Til møtet hadde kontrollutvalet bedt administrasjonen om ei nærare orientering om følgjande saker:

1. Status på ryddeaksjonen som vart gjennomført i kommunen i 2019.

Rådmannen gav følgjande orientering:

«Hald Lærdal Rein og det kommunale ryddeprosjektet er to ulike ting. Hald Lærdal Rein er den faste vårryddeaksjonen, som lag og organisasjonar styrer, der kommunen berre er med og legg til rette saman med Simas. Her ryddar folk i sine nærmiljø og får utdelt roder, og kommunen og Simas sponsar med containarar, plastsekkar og hanskar.

Det kommunale ryddeprosjektet starta opp i 2019, som ei oppfølging av ein av samfunnsdelen sine hovudmål: bli ei reinare og ryddigare bygd (under attraktivitet). Hovudprioriteringa var metallskrapinnsamling, ulovlege søppelfyllingar, rydding langs vegsambanda, dekk- og bilvrakinnsamling, rydding utover fjorden osv. Prosjektet skulle gå kontinuerleg, og prioriterast ved ledig kapasitet, og hadde ikkje start eller sluttdato. Dette handla rett og slett om at kommunen skulle ha auka fokus på å rydde opp rundt i bygda. Våren 2019 vart det samla inn langt over 100 tonn med skrap frå gardar i heile bygda, og hadde eit svært godt samarbeid med SIMAS under aksjonen. Metallskrapinnsamlinga vart avslutta våren 2019, men det er ytra behov for å køyre slik aksjon gjerne kvart 2. år. Det har ikkje vore kapasitet til å prioritere slike store aksjonar etterpå, men ein tenkjer ny runde i 2022 med dekk, bilvrak, landbruksplast og skrap, slik planen var. I 2019 blei det starta fleire undersøkersaker angående ulovlege søppelfyllingar, større bilvrak, opprydding langs fjorden, avfall i utmark osv. Det blei følgt opp og avslutta alle oppstarta saker utanom ei sak. Denne saka har vist seg å vera svært vanskeleg å få gjennomført, og det er eit spørsmål om ressursbruken vår ved vidare oppfølging står i forhold til alvorlegheitsgraden. Det er ei undersøkersak i gang no angående bilvrak ute i Erdal, og ei angående ulovleg søppelfylling på Tønjum. Når det gjeld saker me får bekymringsmeldingar om, er kommunen pliktig til å følgje desse opp, uavhengig av Ryddeaksjonen.»

2. Kontrollutvalet viser til orienteringssaka til formannskapet 10.6. vedkomande masseuttak Mo og Muggeteigen. Kontrollutvalet ynskjer å bli orientert om status i saka:

Rådmannen opplyste om at entreprenøren fekk driftskonsesjon etter mineral-lova den 17. august i år. Driftskonsesjonen er gitt av direktoratet for mineralforvaltning. Rådmannen opplyste vidare om at naboar til steinbrotet har reagert på støy og at det har vore for mykje uttak av stein. I følgje rådmannen er det Direktoratet for mineralforvaltning som er instansen som skal følgje opp eventuelt ulovleg uttak. Kommunen vil gå i dialog med entreprenøren i høve til avbøtande tiltak som støyskjerming og avgrensing av driftstider.

3. Rådmannen orienterte om at det no vert køyrt eit 2 dagar kurs i prosjektleiing og PLP-metodikk for alle leiarar og alle fagpersonar som jobbar med prosjekt. Dette er eit kurs i regi av NHO. Det vil vidare bli gjennomført eit kurs i kommuneøkonomi og økonomistyring for leiarar og økonomimedarbeidarar. Her vil ein mellom anna gå

gjennom økonomi- og innkjøpsreglementet til kommunen. Dette kurset vil bli halde den 27. oktober i år.

4. Rådmannen presenterte eit utkast til mandat for ei intern evaluering av Håbakken-prosjektet

Rådmannen orienterte elles kort om tertialrapporten for 2. tertial. Det overordna biletet er positivt. Prognosen tilseier no at ein vil kome ut med eit overskot ved utgangen av året. Hovudårsaka til dette er høgare inntekter enn budsjettet mellom anna knytt til utbytte og høgre konsesjonskraftinntekter. Når det gjeld drifta på einingane ligg dei fleste tenesteiningane om lag på budsjett. Unnataket er helse der det ligg ann til eit meirforbruk på i underkant av 0,9 mill. kr. Det ligg og an til eit lite meirforbruk for Bu og -miljø.

På investeringssida ligg ein so langt i år godt bak budsjettet i høve til gjennomføring av investeringar.

Revisor Rune Mydland frå KPMG deltok i møtet via videokonferanse og presenterte revisjonsplanen.

KON-15/21 VEDTAK:

1. Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande
2. Kontrollutvalet vil i neste møte bli orientert om nærare status i høve til avbøtande tiltak for mineraluttaket i Muggeteigen.
3. Kontrollutvalet godkjenner utkastet til mandat for ei intern evaluering av Håbakken-utbygginga med dei endringar som kontrollutvalet kom med innspel om i møtet.
4. Til neste møte ønsker kontrollutvalet å få ei generell orientering om rekrutteringssituasjonen i Lærdal kommune på dei ulike tenesteområda. Er situasjonen slik at kommunen får rekruttert personell med ønskt kompetanse?
5. Kontrollutvalet vil be om å få ei orientering om status for personalet i kommunen etter 1 og eit halvt år med Covid19. Er det risiko for slitasje på personellet?

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 16/2021 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2022

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 27.9.2021	Saknr 16/2021
---	------------------------------	-------------------------

Framlegg frå sekretariatet:

Kontrollutvalet gir følgjande framlegg om budsjett 2022 for kontrollutval og revisjon i Lærdal kommune:

Område	2022
Kontrollutvalet	120 530
Sekretariatet	189 500
Finansiell revisjon	190 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000
Kjøp av selskapskontroll	0
TOTALT	700 030

Framlegget vert sendt over til administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

27.9.2021 KONTROLLUTVALET

KON- 16/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet gir følgjande framlegg om budsjett 2022 for kontrollutval og revisjon i Lærdal kommune:

Område	2022
Kontrollutvalet	120 530
Sekretariatet	189 500
Finansiell revisjon	190 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000
Kjøp av selskapskontroll	0
TOTALT	700 030

Framlegget vert sendt over til administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

Samrøystes

Møtet slutt

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 18/2021 Skriv og meldingar - orienteringssaker

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 6.12.2021	Sak nr 18/2021
---	------------------------------	--------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

VEDLEGG

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	7.10.2021	Lærdal kommune/ kommunestyret	Saksframlegg og vedtak i sak 54/21 i kommunestyret: Tertialrapport 2-2021
2	Ikkje datert	Lærdal kommune	Tertialrapport 2 – 2021
3	Ikkje datert	Lærdal kommune	Investeringsoversikt 2021 – rapportering 2. tertial
4	7.10.2021	Lærdal kommune/ kommunestyret	Saksframlegg og vedtak i sak 55/21 i kommunestyret: Omstillingsprosjektet – Framlegg til strategiar og delprosjekt
5	Ikkje datert	Lærdal kommune	Sakstilfang til sak 55/21 i kommunestyret: Omstillingsprosjektet – framlegg til strategiar og delprosjekt
6	Ikkje datert	Lærdal kommune	Sakstilfang til sak 55/21 i kommunestyret: Statusrapport omstillingsprosjektet
7	Ikkje datert	Lærdal kommune	Sakstilfang til sak 20 i adm.utvalet – frávær i Lærdal kommune
8	25.11.21	Lærdal kommune	Saksframlegg til sak 112/21 i formannskapet: Økonomi og handlingsplan 2022-2025. Årsbudsjett 2022 med handlingsdel, samt 1 side med økonomisk oversikt frå budsjettdokumentet
9	25.11.21		Saksframlegg til sak 114/21 i formannskapet – Openheit i Lærdal kommune – Status og tiltak til forbetring
10	1.7.21	Mobbeombodet i Vestland fylke	Utdrag frå årsmeldinga til Mobbeombodet i Vestland
11	12.11.21	SIMAS IKS	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport i SIMAS IKS
12	22.2.21	Kontrollutvalet	Vedtak i sak 5/21 i kontrollutvalet – Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport heimetenester
13		NKRF	Invitasjon til kontrollutvalgskonferansen 2022

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet bør drøfte kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på første møte i 2022

Orienteringar i møtet:

Til møtet har kontrollutvalet bedt om å få ei nærare orientering frå administrasjonen om følgjande saker:

1. Status i høve til avbøtande tiltak for mineraluttaket i Muggeteigen.
2. Ei generell orientering om rekrutterings-situasjonen i Lærdal kommune på dei ulike tenesteområda.
3. Ei orientering om status for personalet i kommunen etter eitt og eit halvt år med Covid19. Er det risiko for slitasje på personellet?

Vidare vil rådmannen orientere om:

- a) Rekneskapsrapporten for 2. tertial, samt prognose for årslutt. Vidare status i høve til budsjett for 2022
- b) Oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten om heimetenestene



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
092/21	Formannskapet	30.09.2021
054/21	Kommunestyret	07.10.2021

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr. 21/51 - 27
---------------------------	--------	-------------------------

2. tertialrapport og budsjettrevisjon

Kort samandrag:

2. tertialrapport skal vise kommunen sin økonomiske status etter 2/3 år, dvs for perioden 01.01 – 31.08), og inneheld i tillegg informasjon om viktige hendingar i einingane.

På bakgrunn av ein analyse av inntektene og utgiftene, vert det gitt tilråding frå rådmannen om å revidere driftsbudsjettet i samsvar med prognosen.

Rådmannen si tilråding:

1. Tertialrapporten vert teke til vitande.

2. Kommunestyret endrar den reviderte budsjetttramma i driftsbudsjettet for 2021 slik:

Helse	821 000	
BU- og miljø	289 000	
Utbytte		2 043 000
Netto konsesjonskraft inntekter		2 700 000
Eigedomskatt	1 164 000	
Disposisjonsfondet	2 469 000	
	4 743 000	4 743 000

30.09.2021 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-092/21 Vedtak:

1. Tertialrapporten vert teke til vitande.
2. Kommunestyret endrar den reviderte budsjettramma i driftsbudsjettet for 2021 slik:

Helse	821 000	
BU- og miljø	289 000	
Utbytte		2 043 000
Netto konsesjonskraft inntekter		2 700 000
Eigedomskatt	1 164 000	
Disposisjonsfondet	2 469 000	
	4 743 000	4 743 000

07.10.2021 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS-054/21 Vedtak:

1. Tertialrapporten vert teke til vitande.
2. Kommunestyret endrar den reviderte budsjetttramma i driftsbudsjettet for 2021 slik:

Helse	821 000	
BU- og miljø	289 000	
Utbytte		2 043 000
Netto konsesjonskraft inntekter		2 700 000
Eigedomskatt	1 164 000	
Disposisjonsfondet	2 469 000	
	4 743 000	4 743 000

Vedlegg:

Investeringsprosjekt 2. tertial 2021

Tertialrapport 2. tertial (002)

Finansrapport for Lærdal kommune

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Kommunelova

Økonomi- og innkjøpsreglementet

Saksutgreiing

Status ved utgangen av august (2/3 år) syner ei resultatforbetring på grunn av høgre inntekter enn det som er budsjettert, og me ligg an til å få ei avsetting til disposisjonsfrondet, og ikkje bruk slik det blei vedteke i desember. For denne perioden skuldast dette auke i

konsesjonskraftinntekter og utbetaling av høgare utbytte enn det som ligg i budsjettet.

Både innan helse- og omsorg og delar av oppvekst, har 2. tertial vore prega av koronasituasjonen. Sjølv om kommunen enno ikkje har hatt smitteutbrot, har smittesituasjonen elles i Sogn, ført til ein vesentleg ressursbruk knytt til førebygging, testing, oppfølging osv. Dette har kome i tillegg til meirarbeidet knytt til vaksinerings av innbyggjarane i Lærdal.

Særleg innan Helse og omsorg har dette gitt utslag i meirkostnader. Desse kostnadane får kommunen kompensert gjennom auke i rammetilskotet.

Generelt er den økonomiske styringa i einingane god, og dei fleste har rapportert at dei vil klare å halde seg til budsjettet som er vedteke.

Når det gjeld investeringsprosjekta har det vorte lagt ned ein stor ressursinnsats for å få framdrift i Vassverkprosjektet, ferdigstilling av Håbakken 1/E16 og fyrste fase av Håbakken 2- prosjektet.

I tillegg har administrasjonen den siste perioden prioritert arbeid med prosjektering og førebygging for nytt dagsenter i hybelbygget, i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Dette kom inn som eit tilleggsprosjekt, og var opprinneleg ikkje med i budsjettet for 2021.

Meir informasjon om status for investeringsprosjekta ligg ved som eige vedlegg. Rådmannen vil seinare i år leggje fram ei eiga sak om opp- og nedbudsjettering for prosjekt som ikkje blir slutført i år, og eventuelt framlegg til revidert investeringsbudsjett.

Status etter 2. tertial er at det vert brukt vesentleg mindre investeringsmidlar enn det som ligg inne i det opprinnelege budsjettet.

Økonomiske konsekvensar

Ved utgangen av august ligg det an til ei vesentleg resultatforbetring og eit overskot på lag

2,5 mill.

I vedlagte rapport er det gitt vurderingar knytt til den økonomiske situasjonen.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at det så langt i år er ei god styring i einingane med drift og det er ingen vesentlege avvik. Det er litt overskridingar på Håbakken 1/E16, men dette er varsla tidlegare, og skuldast tilleggsarbeid på tomt som det ikkje var teke høgde før i budsjettet.

Bruk av investeringmidlar vert vesentleg redusert som følgje av forkyving av større prosjekt.

Ettersom kommunen har motteke ekstra løyving for å handtere koronasituasjonen, er det nødvendig at nokon av desse midlane vert nytta til å dekke inn meirforbruk ved Helse. Bu- og miljøtenesta ligg an til eit mindre overbruk knytt til utviding av lovpålagt tiltak rundt brukar.

Tertialrapport nr. 2 2021



Innhald

1	Innleiing og samandrag.....	3
2	Hovudtal økonomi.....	3
3	HMS og arbeidsmiljø.....	5
4	Drift i tenesteeiningane	6
4.1	Ansvar 100 – Folkevalde organ.....	7
4.2	Ansvar 110 Rådmann.....	7
4.3	Ansvar 111 – Kyrkja og andre trussamfunn	8
4.4	Ansvar 112 – Næring.....	8
4.5	Ansvar 113 – Stab/Støtte	9
4.6	Ansvar 114 – Plan og Forvaltning	9
4.7	Ansvar 116 – Landbruk	10
4.8	Ansvar 120 – Borgund oppvekstsenter	10
4.9	Ansvar 123 – Lærdalsøyri barnehage	11
4.10	Ansvar 129 – Lærdalsøyri skule	12
4.11	Ansvar 130 – Bu- og miljøtenesta	14
4.12	Ansvar 131 – Helse	15
4.13	Ansvar 132 – NAV/Sosiale tenester	15
4.14	Ansvar 133 – Pleie og omsorg	16
□	Auke sal av tenester frå kjøkkenet.....	17
4.15	Ansvar 134 – Barnevern.....	17
4.16	Ansvar 135 – Flyktningtenesta	18
4.17	Ansvar 136 – LMS	19
4.18	Ansvar 151 –Kultur og formidling	19
4.19	Ansvar 115 Eigedomsforvaltning, ansvar 162 –Teknisk drift, ansvar 163 Sjølvkost VA...	20
5	Investeringar	22

1 Innleiing og samandrag

Den andre tertialrapporten viser status for økonomien ved utgangen av august (2/3 del år), og gir ein prognose for heile året. Rapporten bygger på ajourført rekneskap og ein analyse av løn for perioden 1.1 – 30.08.2021.

Rapporten inneheld i tillegg informasjon om viktige hendingar og anna styringsinformasjon som t.d. utvikling i sjukefråveret.

Budsjettet for 2021 blei vedteke med eit negativt driftsresultat, og kommunestyret la til grunn at ein må nytte ca kr. 3,9 mill av disposisjonsfondet for å dekke opp planlagt meirforbruk i 2021.

I revidert budsjett som blei vedteke i juni blei meirforbruket redusert som følgje av auka inntekter frå skatt og rammetilskot.

Også i 2. tertial aukar inntektene, og me har ein prognose på at me får eit overskot i 2021.

Inntektsauken skuldast større utbetalingar frå utbytte og høgre konsekraftinntekter enn det som ligg i budsjettet. Dei høge straumprisane har fortsatt utover året, og kommunen har gode inntekter frå ferjelading på Fodnes med sal av straum til spot.

2 Hovudtal økonomi

I følgje KS sin prognosemodell vil dei frie inntektene i form av rammetilskot og skatteinntekter auka med om lag 4,9 mill samanlikna med budsjett. Dette er uendra og budsjettet blei revidert i samsvar med dette i juni.

Me ligg også hittil i år an til å få kr. 2,7 mill meir i konsesjonskraftinntekter, og det er utbetalt kr. 2 mill meir i utbytte frå Okken Kraft Holding AS enn det som låg i budsjettet. Når det gjeld

Skatt:

Lærdal kommune vedtok i budsjettet for 2021 ein skatteinngang på kr 76 846 000,- Dette var i tråd med KS sin 3-årige prognose. KS sin nye prognose pr 15. mai 2021 etter at revidert

Lærdal kommune legg til grunn KS sin prognosemodell, og i følgje oppdaterte tal vil rammetilskotet bli 3,2 mill høgare enn budsjett, og skatteinntektene skal i følgje prognosen auke med 1,7 mill samanlikna med budsjett. Dette er uendra i 2. tertial, og det er blei gjort budsjettrevisjon i juni samsvar med desse prognosetala.

Bakgrunnen for auken i rammetilskotet er kompensasjon til kommunane for handtering av koronapandemien og gjennomføring av vaksiner mot Covid 19. Utan denne kompensasjonen ville rammetilskotet vore om lag som budsjettet. I slutten av oktober skal kommunen levere inn siste rapport for meirutgifter knytt til smittevern og handtering av koronasituasjonen til Statsforvaltaren, og det er venta at me vil få ei ekstrautbetaling her som det ikkje er budsjettet med.

Ser ein på driftssituasjonen ligg dei fleste tenesteeiningane om lag på budsjett.

Unnataket er Helse der me har ein prognose som tilseier at me kjem til å bruke kr. 893.000 meir ved årsslutt, og me ligg an til eit lite meirforbruk for Bu- og miljø.

eigedomsskatt for verk og bruk er dette talet justert ned med om lag 1.1 mill.

Dei andre inntektene/utgiftene ligg om lag som budsjettet ved utgangen av august. Greier ein å holde budsjettet, vil ein kunne avsette ca 2,9 mill til disposisjonsfondet og ikkje bruke av disposisjonsfondet slik som det opprinneleg blei vedteke for 2021.

nasjonalbudsjett (RNB 2021) er lagt fram, er endra til kr 78 590 000. KS sin prognose er ikkje endra pr 2. tertial.

Rammetilskot

KS sin prognose for rammetilskotet til Lærdal kommune var vedteke med kr 73 462 000 i budsjett 2021. KS sin nye prognose pr 15.mai 2021 etter at RNB 2021 er lagt fram er endra til kr 76 704 000 som er 3,242 mill over budsjett.

Auken i rammetilskotet kan forklarast med kompensasjon til kommunane for å dekke meirforbruk til å handtere koronasituasjonen,

og gjennomføre massevaksinasjonsprogrammet mot Covid 19 i tråd med nasjonale retningslinjer.

Ettersom kompensasjonen er utbetalt som frie inntekter er den ikkje fordelt ut på tenesteeiningane. KS sin prognose pr 2. tertial er ikkje endra.

Eigedomsskatt.

Det er pr. 1. tertial utfakturert eigedomsskatt for totalt kr 10 133 997. Grunnlaget for eigedomsskatten vert utrekna av Skatteetaten etter innsende opplysningar frå selskapa.

Samla budsjett for 2021 er kr 20 mill. Det er komme inn endringsmelding på kraftverk slik at prognosen for eigedomsskatt er endra til kr 18 883 520, som er 1 164 800 under budsjett

Statstilskot Flyktingar

Det er per 2. tertial innbetalt inntekter med totalt kr 2 791 500,- i statstilskot flyktingar. Det er usikkert om me får ta i mot fleire flyktingar i 2021.

Utbytte

Utbytte er budsjettert med til saman kr 1,6 mill, og prognosen pr 2. tertial er på kr 3 643 032,-, som er kr 2 043 032,- over budsjett

Rentekompensasjon

Rentekompensasjon for skule og barnehage er budsjettert med kr 776 000. Det er ingen endringar her.

Renteinntekter

Renteinntekter er budsjettert med kr 550 000,- som er i tråd med prognosen. Prognosen legg til grunn at renta vil halde fram med å vere låg resten av året.

Konsesjonskraft

Rådmannen si vurdering er at det så langt i år er ei god styring i einingane med drift og investeringsprosjekt.

Ettersom kommunen har motteke ekstra løyving for å handtere koronasituasjonen, er det rimeleg at noko av desse midlane vert nytta til å dekke inn meirforbruk ved Helse

Renteutgifter

Renteutgifter på lån til egne investeringar er sett til kr 4 500 000.

Rentemarknaden er usikker framover, og det er signalisert at renta gradvis vil gå opp. For resten av året har me lagt til grunn at renta vil vere uendra.

Avdragsutgifter

Avdragsutgifter er sett til kr 13 000 000, og prognosen er lik budsjett.

Tertialrapport nr. 2 2021

Inntekter/Utgifter utanom ansvarsområda over:	Budsjet 2021	Endra	Framskriven	Framskriven	Årsbudsjett
		Budsjet 2021	Prognose pr.30.04.21	prognose pr 30.08.2021	Framskrivning
Skatt på inntekt og formue	76 846 000	78 589 000	78 590 000	78 589 000	0
Rammetilskot	73 462 000	76 704 000	76 704 000	76 704 000	0
Eigedomsskatt	20 000 000	20 000 000	20 000 000	18 883 520	-1 164 800
Rentekompensasjon eldreomsorg/tilskot	669 000	669 000	669 000	669 000	0
Rentekompensasjon skule/tilskot	107 000	107 000	107 000	107 000	0
Konsesjonsavgift	7 402 000	7 402 000	7 402 000	7 402 000	0
Konsesjonskraft netto	11 139 000	11 139 000	11 139 000	13 839 000	2 700 000
Integreringstilskot	3 842 000	3 842 000	3 842 000	3 842 000	0
Renteinntekter	550 000	550 000	550 000	550 000	0
Utbytte SFE	600 000	600 000	600 000	643 032	43 032
Utbytte Okken Kraft A/S	1 000 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000	2 000 000
Mottekne avdrag på lån	100 000	100 000	100 000	100 000	0
Renteutgifter	-4 500 000	-4 500 000	-4 500 000	-4 500 000	0
Avdrag på lån	-13 000 000	-13 000 000	-13 000 000	-13 000 000	0
Avsetning til disposisjonsfond	-	-	-	-	0
Avsetning til næringsfond (konsesjonsavgift)	-7 402 000	-7 402 000	-7 402 000	-7 402 000	0
Avsetning til næringsfond (mottekne avdrag)	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000	0
Avsetning til næringsfond (mottekne renter)	-350 000	-350 000	-350 000	-350 000	0
Avsetning til auka pensjonskostnader	-	-	-	-	0
Integreringsfond	-3 842 000	-3 842 000	-3 842 000	-3 842 000	0
Avsetning til vedlikehaldsfond	-	-	-	-	0
Bruk av disposisjonsfond	3 903 000	-3 007 000	3 903 000	-	0
Overføring investeringsbudsjett	-	-	-	-	-
Sum inntekter/utgifter	170 426 000		175 412 000		3 578 232
Netto resultat	-		-		2 957 232

3 HMS og arbeidsmiljø

Sjukefråveret er gradvis redusert gjennom heile perioden, og utviklinga har vore svært positiv.

Høgt sjukefråver har over tid vore ein stor utfordring for Lærdal kommune, og ein har erfart at dette påverkar arbeidsmiljøet og kontinuitet i tenestene. Det er viktig å jobbe aktivt med arbeidsmiljøet i heile kommunen, og helsefremjande tiltak som sikrar at me har eit inkluderande og godt arbeidsmiljø.


Bedriftshelsetenesta har jobba med arbeidshelsekontrollar for å avdekke risiko

knytt til helse, miljø og sikkerheit på jobb i teknisk drift og på kjøkenet, og det ligg føre ein bedriftsrapport frå desse kontrollane som blir følgd opp med tiltak.

Vidare er det gjennomført grunnkurs i HMS og arbeidsmiljø for alle leiarane i kommunen.

Det gjennomsnittlege sjukefråveret i perioden frå januar-august er 6,86 % i 2021, og har gått ned frå 8,16 % for same periode i 2020.

Figur 1: Utvikling i sjukefråver for heile kommunen



4 Drift i tenesteeiningane

Det er god økonomisk styring i einingane, og dei fleste ligg om lag på budsjett.

Oversikta syner revidert budsjett 2021, og framskriven prognose ut året. Ved utgangen av august er status for dei fleste einingane med unnatak av Helse omlag på budsjett, og dette er utgangspunktet for framskrivinga av prognosen. Bakgrunnen for meir forbruket i Helse skuldast bruk av vikarlegar og ekstrakostnader som følgje av korona

Bu- og miljøtenesta ligg an til eit mindre meirforbruk som følgje av utvida lovpålagte

tenester for brukar i verna bustad. Her må ein vere førebudd på at eininga treng eit større budsjett til neste år

Det har gjennom året vore ei særleg tett oppfølging av økonomien retta mot helse- og omsorgstenesta, og fokuset har vore på å redusere vikarbruk og overtidbruk som er ein av forklaringane på tidlegare års budsjettoverskridingar. Hittil i år er desse kostnadane redusert med om lag 1 mill samanlikna med same periode i fjor.

Figur 2: Kostnadsutvikling for overtid og vidarbruk i helse- og omsorg. 1. og 2. tertial

		2020	2021
25301	Lærdal bu og omsorgsheim		
	Kostnad vikarar (inkl till./forsk.)	2 374 910	1 891 755
	Kostnad overtid	879 343	414 175
	Refusjon sjukevikar/svang.sk.	-877 267	-362 182
		2 376 986	1 943 748
25400	Heimesjukepleie		
	Kostnad vikarar (inkl till./forsk.)	1 853 958	1 396 821
	Kostnad overtid	656 359	236 635
	Refusjon sjukevikar/svang.sk.	-1 137 134	-354 753
		1 373 183	1 278 703
	SUM PLEIE OG OMSORG	3 750 169	3 222 451
25402	Spesielt tilrettelagde heimeten		
	Kostnad vikarar (inkl till./forsk.)	853 290	983 247
	Kostnad overtid	530 677	146 689
	Refusjon sjukevikar/svang.sk.	-379 178	-465 797
		1 004 789	664 139
25403	Tenester for funksjonshemma		
	Kostnad vikarar (inkl till./forsk.)	236 855	296 951
	Kostnad overtid	169 936	44 031
	Refusjon sjukevikar/svang.sk.	-143 370	-293 061
		263 421	47 921
	SUM BU OG MILJØ	1 268 210	712 060

Tertialrapport nr. 2 2021

Prognose 2.tertial 2021						Avvik
			Endra	Framskreven	Framskreven	Årsbudsjett
Ansvar	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2021	Prognose pr.30.04.21	prognose pr 30.08.2021	Framskrivning
100 - Folkevalde	2 859 532	3 514 000	3 548 033	3 437 000	3 548 033	0
110 - Rådmann	2 458 858	2 903 000	2 949 691	2 640 000	2 949 691	0
111 - Kyrkja og andre trussamfunn	2 827 245	2 765 000	2 785 000	2 765 000	2 785 000	0
112 - LNU	197 436					0
113 - Stab/støtte	12 177 373	12 042 000	12 163 336	12 042 000	12 163 336	0
114 - Plan og forvaltning3548033	1 613 791	1 238 000	1 285 798	1 238 000	1 285 798	0
115 - Eigeidomsforvaltning	-1 147 398	-2 035 000	-2 016 911	-2 035 000	-2 016 911	0
116 - Landbruk	1 535 986	1 775 000	1 814 358	1 775 000	1 814 358	0
120 - Borgund oppvekssenter	6 612 401	7 629 000	7 884 858	7 751 000	7 642 858	242 000
123 - Lærdalsøyri barnehage	11 254 235	12 009 000	12 265 743	12 009 000	12 018 743	247 000
129 -Lærdaløyriskule	23 558 670	23 545 000	24 099 950	23 709 000	24 099 950	0
130 - Bu og miljøteneste	16 639 327	20 706 000	21 016 014	20 706 000	21 305 014	-289 000
131 - Helse	10 265 188	7 463 000	8 529 792	8 356 000	9 350 792	-821 000
132 - NAV kommune	2 625 551	3 116 000	3 144 168	3 020 000	3 144 168	0
133 - Pleie og omsorg	40 326 701	39 991 000	40 718 429	39 991 000	40 718 429	0
134 - Barnevern	4 507 938	5 084 000	5 100 584	5 084 000	5 100 584	0
135- Flyktingtenesta	8 112					0
136 - Sogn LMS	4 312 822	4 227 000	4 569 410	4 227 000	4 569 410	0
137 - Matforsyning	2 270 611	-		0		0
151 - Kultur og formidling	5 273 201	6 453 000	6 534 920	6 453 000	6 534 920	0
162 - Teknisk drift	19 888 119	16 676 000	16 886 827	16 676 000	16 886 827	0
163 - Sjølvkost vatn og avløp	-1 910 877	-875 000	-875 000	-875 000	-875 000	0
Avsetning til lønsreguleringsfond		2 200 000	-	3 000 000		0
Kjøp og sal av konsesjonskraft	-14 665 942					0
Pensjon ufordelt	-2 574 720					0
Sum netto utgifter drift	150 914 160	170 426 000	172 405 000	171 969 000		-621 000

4.1 Ansvar 100 – Folkevalde organ

Under dette ansvaret ligg sentrale folkevalde organ, kommune/storingsval, stønad til

politiske parti, kontrollutval og revisjon og råd for eldre og funksjonshemma.

	Rekneskap pr 31. august	Prognose årsslutt	Budsjett 2021	Avvik i Kroner
100 Politisk styring og kontr	2 387 683	3 548 033	3 548 033	0

Prognosen for Folkevalde organ viser at ein mest truleg vil halde seg til budsjett 2021. På grunn av pandemien har det vore mindre reiseverksemd enn normalt.

Administrasjonen har under arbeid nytt reglement for godtgjersle til folkevalde, og det er ei målsetting av vedta dette innan året er omme.

4.2 Ansvar 110 Rådmann

Ansvar 110 inneheld rådmann og hovudtillitsvalde.

	Rekneskap Pr 30.08	Prognose årsslutt	Budsjett 2021	Avvik i Kroner
Rådmann	1 388 724	2 949 691	2 949 691	0

Tertialrapport nr. 2 2021

Prognosen for ansvarsområdet viser at ein greier å halde seg til budsjettet for 2021.

Viktige hendingar hittil i år:

Det er tilsett rådgjevar for helse og omsorg og vedkommande starta i arbeid 1. august.

Årsverk:

Pr 30.08 inneheld eininga 1 årsverk som rådmann, 1 årsverk som rådgjevar for helse og omsorg, 0,6 årsverk som hovudtillitsvald Fagforbundet og 0,20 årsverk hovudtillitsvalde i Utdanningsforbundet.

4.3 Ansvar 111 – Kyrkja og andre trussamfunn

Overføring til kyrkja er på budsjett. Overføring til andre trussamfunn kjem ikkje før i oktober, og ein teke sikte på at budsjettet beløp held.

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik
	pr 30.08	årsslutt	2021	
Sum ansvar: 111 Kyrkja og andre trussamfunn	2 665 000	2 785 000	2 785 000	0

4.4 Ansvar 112 – Næring

		Rekneskap
Ansvar:	112 Næring	pr 30.08.21
32501	ANDRE NÆRINGSFØREMÅL	1 850 793
32522	NÆRINGSFØREMÅL DISPONERT AV FORMANNSKAPET	30 160
36001	VILTFONDET (KOMM.)	- 54 094
36002	FISKEFORVALTNING	- 206 158

Ansvar 112 vert dekkja over nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.
Pr 31. august er kostnaden på ansvaret fordelt ut frå oppsett tabell, sjå nedst på sida.
Kostnaden ved årslutt vert ført mot fond.

Inngående balanse for nærings- og konsesjonsavgiftsfondet pr 1. januar 2021 er kr 6 674 938,-

På funksjon 32501 er det betalt ut til saman kr 1 806 809,- i tilskot, ca kr 650 000 til Visit

Kommunen har kjøpt inntil 40 % tenester frå Årdal Utvikling via ein avtale som gjeld i perioden frå 01.02.2021 til 01.08.2021. Avtalen har vore som erstatning for næringsrådgjevar som byrja 1. juni.

Sognefjord, det er brukt kr 50 643 på utlysing og rekruttering til stilling som næringsrådgjevar.

Lærdal kommune har fått kr 500 000 frå Kommunal- og moderniseringsdep til koronakompensasjon for bedrifter. Ordninga har vore kunngjort og det er tildelt midlar etter søknad og dokumentasjon.

Andre kostnader	5 689,63
Utlysing av stilling	50 634,00
TYRI OPPLEVING V/ JOHANNE HEIEN	45 000,00
SEA MEDIC AS V/ ÅGE NATVIK	25 000,00
CHRISTIAN RUMOHR GJERDE	50 000,00
Vist Sognefjord	648 823,00
Kommunal- og moderniseringsdep	- 500 000,00

4.5 Ansvar 113 – Stab/Støtte

Om tenesta:

Organisasjons- og personaleiar skal ivareta dei tilsette i organisasjonen på ein god måte.

Vere med å utvikle organisasjonen, og gje tilsette i stab/støtte gode arbeidsvilkår slik at

dei kan gje gode tenester til alle einingane i organisasjonen.

Stab- og støtte omfattar personal/HR, økonomi/budsjett, IKT, arkiv, sekretariat for folkevalde og tenestetorget.

	Rekneskap pr 30.08	Prognose årsslutt	Budsjett 2021	Avvik
113 Stab og støtte	6 909 958	12 163 336	12 163 336	-

Kommentar:

Stab/støtte ser ut til å halde budsjettet i 2021. Ikkje nye uforutsette utgifter sidan siste rapportering.

Viktige hendingar hittil i år:

Situasjonen er mykje som sist, men me har engasjert ein ny medarbeidar innan IKT i eit år

Sjukefråvær:

Pr 30.08 i år	Pr 30.08 i fjor
0,85 %	1,03 %

Kommentar:

Sjukefråværet er redusert i forhold til 2020, men generelt har stab/støtte eit lågt sjukefråvær.

for å få frigjort tid til IKT-prosjekt og nødvendig oppfølging av einingane.

Arbeidsgjevar:

Årsverk: 7,5

Tilsette: 9

4.6 Ansvar 114 – Plan og Forvaltning

Om tenesta:

Avdelinga har ansvar for å forvalte plan-, bygg- og oppmålingstenestane i kommunen.

Kjerneoppgåver på avdelinga er:

- Arealplanlegging, regulering og andre kommunale planleggingsoppgåver
- Kart og oppmålingstenester, matrikkelføring, kart og eigedomssaker
- Byggjesakshandsaming, utsleppsløyver, ureiningsaker, tilsyn og ulovlegheitsoppfølging
- Koordinatorrolle innan kommunen si satsing på framtidsretta, berekraftig, miljøvenleg og klimasmart samfunn.
- Høyringar av regionale og nasjonale planar, forskrifter, handlingsprogram, konsesjonssaker

osv.

- Deltakande i regionale administrative arbeidsgrupper for Indre Sogn Vassområde og Nordfjella Villreinområde
- Prosjektleiing i kommunale bygg- og anleggsprosjekt
- Tverrfaglege arbeidsoppgåver innan trafikktryggleik og vegsamband, folkehelse og klima

Avdelinga har 4 tilsette, men ein stilling vakant på noverande tidspunkt. Det er gjort tilsetning her, og ny oppmålar startar i oktober. Fram til det, blir det kjøpt tenestar frå Sogndal. Den eine stillinga, klimakoordinator-stillinga, er prosjektstilling, som no er forlenga i 2 år i samarbeid med Årdal og Aurland.

Økonomi:

	Rekneskap pr 30.08	Prognose årsslutt	Budsjett 2021	Avvik
114 Plan og forvaltning	809 456	1 285 798	1 285 798	-

Kommentarar:

Har avvik på lønskostnader, grunna vakant stilling (oppmålar), og pga. Klimakoordinator-stillinga som vert forlenga frå juni i 2 år til (samarbeid ÅLA). Noko usikre utgifter/inntekter knytt til lønskostnader for oppmålarstillinga og gebyrbelagde tenestestar innan oppmåling, då Sogndal kommune nett har starta å fakturere for perioden januar – september.

Viktige hendingar hittil i år:

Har etablert Fagleiar-funksjon på avdelinga frå nyåret. Fekk etablert ÅLA-samarbeid om Klimakoordinator frå juni 2021. Har tilsett ny oppmålar, som startar i oktober.

Årsverk: 4

4.7 Ansvar 116 – Landbruk

Landbruksforvaltning for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland jf. avtale om felles landbrukskontor.

Økonomi:

	Rekneskap pr 30.08	Prognose årsslutt	Budsjett 2021	Avvik
116 Landbruk	653 935	1 814 358	1 814 358	0

Kommentarar:

Det er forventa at drifta går i balanse med budsjett.

Innleigd viltforvaltar i inn til 50% stilling. Skog i Sogn utgjer ca 10% stilling samla for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland.

Viktige hendingar hittil i år:

Ingen nye hendingar sidan førre rapport

Sjuefråver:**Årsverk:**

Pr 30.4.2021: 4,1 inkludert CWD koordinator i prosjektstilling.

Pr 30.08 i år	Pr 30.08 i fjor
0,00 %	6 %

4.8 Ansvar 120 – Borgund oppvekstsenter

Me har 24 elevar i skulen og 17 barn i barnehagen.

Økonomi:

Prognosa syner at me har eit underforbruk på kr 242.000,-

Dette skuldast at me manglar ein 26% stilling som assistent/fagarbeidar i barnehagen. I tillegg

Tertialrapport nr. 2 2021

har me brukt lite vikarar under ferieavvikling/permisjonar og sjukdom.

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik
	pr 30.08	årsslutt	2021	
120 Borgund oppvekstsenter	4 657 144	7 642 858	7 884 858	242 000

Viktige hendingar hittil i år:

Utearealet i barnehagen er utvida, likeeins parkeringsplassen.

Nye læreplanar og metodar blir utvikla og utprøvd (fagfornyinga) i skulen. Vi har fått 2 nye lærarar på skulen, samt 5 nye elevar.

Arbeidsgjevar:

Årsverk:

Barnehagen: 420% + 100% lærling

SFO: 10%

Skulen: 631%

Tilsaman Oppvekst Borgund: 11,51

Sjukefråver:

Barnehagen: 2,32%

Skulen: 7,85%

Tilsaman Oppvekst Borgund: 10,17%

Pr 30.08 i år	pr 30.08 i fjor
10,17 %	13,35 %

4.9 Ansvar 123 – Lærdalsøyri barnehage

Om tenesta:

Lærdalsøyri barnehage yter lovpålagte tenester etter Barnehagelova for barn under skulepliktig alder.

Per 31.08.2021 gjekk det 68 barn (20 små og 48 store) i Lærdalsøyri barnehage. Før nyttår

byrjar 5 små barn i barnehagen, og i januar byrjar ytterlegare 4. Eit stort barn skal ha permisjon fram til nytt barnehageår 2022. Barnehagen ventar då å telje totalt 77 barn i januar 2022

Økonomi:

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	pr 30.08	årsslutt	2021	Kroner
123 Lærdalsøyri barnehage	7 490 630	12 018 743	12 265 743	247 000

Per 31.8.2021 har Lærdalsøyri barnehage eit underforbruk på kr 393 725,-. Prognosane syner at me ved årsslutt vil ha eit underforbruk på kr 247 000,-.

Desse midlane er budsjettert frå flyktningfondet. Dersom barnehagen klarar seg utan desse midlane, vil det ikkje vere naudsynt å gjennomføre ei slik overføring.

Hovedårsaka er at me ved nytt barnehageår tok i mot eit flyktningbarn. I oktober skal me ta i mot ytterlegare eit. Det er lagt til ei 50% stilling som pedagog knytt til oppfølging av desse barna.

Barnehagen har fått auka sine inntekter. Færre har søkt om redusert foreldrebetaling, og barnehagen tok inn fleire barn enn berekna våren 2021.

I tillegg var det ikkje lagt inn midlar knytt til Regional kompetanseheving i barnehagen. I juni 2020 mottok barnehagen kr 165 000,- i

tilskot som skal nyttast til kompetanseheving.
Om lag kr 82 500,- av desse skal nyttast i 2021

Viktige hendingar hitil i år:

Busetjing av flyktingar, to barn i barnehagealder.

Det vart i juni vedteke at barnehagen får inntil kr 1 000 000,- til utbetring av uteområde. Teknisk eining prosjekterer og hentar inn pristilbod på takoverbygg og asfaltering. Barnehagen hentar inn pristilbod på leikeapparat. Kostnader knytt til takoverbygg kan ha auka med opp mot 50% på grunn av koronapandemien. Dette må soleis takast med i berekninga av kva det er mogleg å få til.

Barnehagen prioriterer takoverbygg og asfaltering.

Sjukefråvær:

Pr 30.08 i år	pr 30.08 i fjor
7,19 %	13,04 %

Kommentar:

Barnehagen har arbeida målretta og systematisk med sjukefråværet. Fråværet i august 2021 var på 17,2%. I august 2020 er fråværet på 2,51%.

Barnehagen hadde ein liten topp i sjukefråværet i juni, med mykje

Arbeidsgjevar

Årsverk:

Barnehagen hadde per 31.08.2021 om lag 22,5 årsverk fordelt på 28 tilsette

4.10 Ansvar 129 – Lærdalsøyri skule

Om tenesta:

Skulen har pr. i dag 200 elevar.

Sentrale oppgåver i 2. tertial

Viser til kjerneoppgåver som er skreve inn i årsmeldinga 2020:

Obligatorisk undervisning for grunnskuleborn
Spesialundervisning etter sakkunnig vurdering
Opplæring av barn frå språklege minoritetar
Skuleskyss for heile kommunen, skulerute
Skulefritidsordning (SFO)

og resten i 2022. Dette er no teke inn i budsjettet ved 2.tertial.
Stor reduksjon av utgifter til vikarbruk.

I juli vart det gjennomført målingar av inneklima i barnehagen, gjennomført av Miljøretta helsevern. Desse målte god sirkulasjon av luft, men temperaturar over anbefalt på alle målepunkt. Personale melder om krevjande arbeidstilhøve og barnehagemiljø på varme sommardagar. Her vurderast det tiltak for å redusere temperatur.

Verken i nye eller gamle barnehagen finst det kjøling på ventilasjonsanlegget. Å ettermontere dette er kostbart. Utvendig solskjerming kan soleis vere eit tiltak som kan sikre eit forsvarleg arbeids- og barnehagemiljø. Kartlegging av behov og kostnader er påbyrja.

luftvegssjukdom. Ved slik sjukdom skal den tilsette halde seg heime sjølv ved vage symptom, som ein elles ville gått på jobb med.

I løpet av august var dei aller fleste tilsette fullvaksinerte med to korona-vaksiner.

Økonomi:

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	pr 30.08	årsslutt	2021	Kroner
129 Lærdalsøyri skule	14 972 450	24 099 950	24 099 950	0

Kommentarar:

Det er kome inn meir refusjon enn det me antok. Grunna noko meir refusjon og høgare brukarbetaling på SFO syner prognosen at ansvar 129 går i balanse ved årsslutt.

Det starta ein ny elev i 1. klasse hausten 2021. Han er flyktning frå Kongo. Skulen treng midlar til pedagogressurs til denne eleven. Desse midlane vert tilført frå integreringsfondet.

Skulen vidarefører samarbeidet med HVL/Dekomp også utover hausten. Tema her er prosessarbeid knytta til Fagfornyninga. I tråd med Fagfornyninga må vudering og innkjøp av læreverv/digitale ressursar ha stort fokus denne hausten.

Arbeidsgjevar:**Årsverk:**

I skule: 3,88 årsverk assistent/fagarbeidar (dette er inkludert merkantil ressurs)

I SFO: 2,37 årsverk assistent/fagarbeidar

Skulen har også lærling i 100 % stilling

Miljøarbeidar har ein stilling på 60 %.

Årsverk pedagog: 24,31

Årsverk inspektør og rektor: 2

Sjukefråver:

Pr 30.08 i år	pr 30.08 i fjor
11,06 %	6,68 %

Kommentarar:

Sjukefråveret var høgt tidlegare i år, er på veg ned.

Det er gledeleg at det dei to fyrste månadane av skuleåret har vore eit mykje lågare sjukefråver.

Viktige hendingar hittil i år:

Det vart ei svært spesiell avslutning av førre skuleår. Me mista då to tilsette i løpet av ein månad. Dette pregar oss fortsatt, det gjeld både dei vaksne og elevane.

Me er glade for at dette skuleåret starta opp på grønt nivå, og at me alle opplever ein tilnærma normal skulekvardag.

Det kom fire nye elevar ved skulestart, men ingen elevar frå Borgund. Ekstra kjekt er det for oss å få tre nye kollegaer i personalet.

4.11 Ansvar 130 – Bu- og miljøtenesta

Om tenesta:

Bu og miljøtenesta består av

- Psykiatribustaden
- Tenester for personar med nedsett funksjonsevne
- Avlastningsbolig
- Psykisk helse og rus
- Aktivitetshuset
- Budbilen
- Konsulent for funksjonshemma
- Edruskapsvern

Tenesta disponerer 7 bustadar og ein felleisleilegheit. I bustaden er det heildøgnsdrift. Tenesta har og ansvar for

brukarar som får tenester frå private aktørar, samt heimebuande brukarar.

Økonomi:

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	pr 30.08	årsslutt	2021	Kroner
Sum ansvar 130 Bu- og miljøteneste	18 334 524	21 305 014	21 016 014	-289 000

På grunn av budsjettering med ukjende kostnader knytt til nye tiltak, er det avvik mellom budsjett og rekneskap når me kjenner dei reelle kostnadane. Dette er teke høgde for i prognosen. I tillegg vert det mindre refusjonar enn budsjettert, då me truleg ikkje når opp til innslagspunktet dette året.

Kommentarar:

Det vart i 2021 budsjettert ein høgare kostnad og høgare refusjon enn det som var reelt. Kostnaden vart mindre, og ein får mindre refusjon enn anteke.

I løpet av året aukar eit tiltak med 1,3 årsverk.

Tilbod for ny brukar gjer at det vert ein auka kostnad for kjøp av tenester frå Brukthjørna.

Det er mogeleg at det kjem inn ein ny brukar i løpet av året. Dette vil utgjere ein auke i lønnskostnadar. Denne kostnaden er ikkje medteken i prognosen.

Sjukefråver:

Pr. 30.08 i år	Pr 30.08 i fjor
8,80 %	7,85 %

Tenesta har så langt det har vore mogeleg spart lønnskostnadar på vakante stillingar og ved sjukefråvær. Grunna nytt vedtak og ein del sjukefråvær i sommar har det vore vanskeleg å unngå overtid.

Viktige hendingar hittil i år:

- Nytt tiltak hjå privat aktør
- Auke av tiltak. Frå mai vart tiltaket auka ytterligare og det genererte 1,3 nye årsverk.
- Det har vore eit stort sjukefråvær fyrste del av 2021. Dette dreiar seg om langtidssjukemeldte.
- Prosjekt for organisering og omstilling av Bu og miljøtenesta er ferdigstilt, og det kjem tilrådingar i samband med budsjett 2022. Tenesta er i vekst og behovet for teneste og bustadar aukar framover.

Arbeidsgjevar:

Årsverk: 22

Tilsette : 26

4.12 Ansvar 131 – Helse

Om tenesta:

Lærdal helsesenter består av legeteneste, fysio/ergoterapeut og Helsestasjon.

Økonomi:

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	pr 30.08	årsslutt	2021	Kroner
Sum ansvar 131 Helse	6 316 372	9 350 792	8 529 792	-821 000

Kommentarar:

Inntil vidare er det bruk av vikarlegar i tillegg til dei to faste kommunelegane, og dette er forklaring på meirkostnadane. Me har vore heldige i perioden som har hatt same vikarlege i over eit år no. På grunn av koronasituasjonen og gjennomføring av vaksinasjonsprogrammet, er det nødvendig med full dekning både av legar og hjelpepersonale, og gjerne litt ekstra for å ta i vare behovet for helseberedskap i samband med handtering av pandemien.

Tiltak:

På bakgrunn av samarbeid med Lærdal sjukehus om hospitering, og det er planlagt at vedkomande skal tilsetast i den tredje faste legestillinga. Kommunen fekk ikkje turnuskandidat som planlagt i september, men har lukkast å rekruttere lokal turnuslege som er karr til teneste frå 1. november

Det er på gang tilsetting i nyoppretta stilling (Tett på-prosjektet) i tilknytning til helsestasjon/helseførebygging.

I starten vil denne verte fullt ut dekkja av tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren knytt til tidleg innsats, og førebuing til innføring av ny barnevernslov som forpliktar kommunane til førebyggjande helsearbeid retta mot barn og unge.

Viktige hendingar hittil i år:

Det er koronasituasjonen som fortsatt er den viktigaste hendinga. Alle einingane er involverte. Legar har ansvar for å prioritere pasientar i risikograppa til vaksining, hjelpepersonell hjelper helsestasjonen med vaksining.

Fysio og ergoterapeut er med i smittesporingsteam ved koronautbrot.

Arbeidsgjevar:

Årsverk:

10

Sjukefråver:

Pr 30.08 i år	pr 30.08 i fjor
4,62 %	16,25 %

4.13 Ansvar 132 – NAV/Sosiale tenester

Kjerneoppgåver NAV:

- Sakshandsaming av sosialhjelp – Lov om sosiale tenester i Nav § 1, §18 og § 19
- Råd og rettleiing – Lov om sosiale tenester i Nav § 17
- Kvalifiseringsprogram – Lov om sosiale tenester i Nav §29 - §40
- Midlertidig butilbod – Lom om sosiale tenester i Nav §27
- Individuell plan – Lov om sosiale tenester i Nav §28
- Gjeldsrådgeving – Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar og dekningslova
- Sakshandsaming av Husbanken sine støtteordningar som bustøtte, startlån og tilskot
- Samarbeid med andre tenester
- Oppfølging av arbeidsledige

- **Sjukefråver:**

Pr 30.08. i år	Pr 30.08 i fjor
11,96 %	9,72 %

4.14 Ansvar 133 – Pleie og omsorg

Om tenesta:

Pleie og omsorg omfatter både institusjon og heimebaserte tenester, fordelt på følgende einingar: 22 plassar knytt til institusjon – 18 langtid(6 skjerma eining) - 4 korttid/ rehabilitering
12 Omsorgsbustadar med heildøgns bemanning

Heimebasert omsorg:

- Heimesjukepleie 68 tenestemottakarar
- Heimehjelp 56 tenestemottakarar
- Matombringing 40 tenestemottakarar
- Alarm 72 tenestemottakarar
-

BPA (personleg brukarstyrt assistent)

Aktivitetstilbod/ Aktivitetstova

Demenskoordinator

Matforsyning

Økonomi:

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	pr 30.08	årsslutt	2021	Kroner
Sum ansvar 133 Pleie og omsorg	25 780 641	40 718 429	40 718 429	0

Ut frå tala til 2. tertial ligg vi an til å nå budsjett.

Me har gjennom heile året hatt stort fokus på sjukefråver og innleige, for å klare å halde råmene våre. Men sidan det er folk i alle delar av tjenesteproduksjonen, er det vanskelig å sikre dette. Me leverer døgntenester til ei gruppe teneste mottakarar som stadig er i endring. I tillegg er det ca. 75 tilsette som også kan bli råka av sjukdom og anna. Såleis er både inntekstbilete og utgiftsbilete i stadig endring.

Viktige hendingar:

Mellom 1 og 2 tertial har ein avvikla sommarferie i eininga. I år har me ikkje brukt vikarbyrå for å løyse kravet til rett kompetanse og bemanning, men laga ein sommarturnus der ein forsøkte å fordele kompetansen ut etter beste evne. Dette førde til noko overtid på sjukepleiarane/ vernepleiarane, men langt mindre kostnad enn vikarbyrå.

Dekningsgraden av romma på institusjonen og omsorgsbustadane har også vore god i sommar. Me skal ha 22 plassar ved institusjonen, men pga. kohortavdelinga har vi berre 21 til rådvelde, derfor har ein også måtta

nytta doble rom. Mei har ofte hatt 5 på kortidsplass, med store og samansette behov. Balansegangen mellom å skulle gi alle nødvendig helsehjelp, og samstundes ivareta privatliv og skjerming, har vore utfordrande. Presset på dei tilsette har også vore større, då brukargruppa har vore krevjande/ svært sjuke.

Pandemien er framleis ikkje over. Smittevern utstyr er framleis naudsynt, og kostnadene knytt til dette har vorte dubla. I budsjettet ligg det inne 350 000, men prognosen viser eit forbruk på 700 000.

Matforsyning har hatt mindre lønnsutgifter, då ein i starten av året var redusert bemanning pga. permisjon. Samstundes har sal av mat til møter og oppvekst vore redusert/ stoppa pga. pandemien.

Funksjonane aktivisering eldre og funksjonshemma/ dagaktivitetstilbod heimebuande med demens, har hatt noko endring i lønnskostnad, som til saman har jamna seg ut. Aktivitøren har hatt permisjon i 13% av stillinga si, medan demenskoordinator var lagt inn med 100 000 for lite i lønn i budsjett modulen.

Tiltak

- Framleis høg fokus på vurdering ved innleige av vikar ved fråver – samstundes må ein passe på at arbeidsbelastinga ikkje vert så stor at sjukefråveret aukar igjen.

- Sjå på ressursbruken samla sett, og kunne ta gode om disponeringar av personalet for å halde vikarbruken nede.
- Jobbe målretta med å halde sjukefråveret nede.
- Auke sal av tenester frå kjøkkenet.

Arbeidsgjevar:

Årsverk: 53,18

I dette talet ligg også lærlingar inne, noko som ikkje var teke med til fyrste tertial.

Sjukefråver:

pr 30.08 i år	pr 30.08 i fjor
6,09 %	9,60 %

Her har vore gjort ein stor innsats i forhold til arbeidsrelatert sjukefråver og oppfølging av

desse. Framleis litt skilnad hjå dei ulike funksjonane, men ein svært positiv utvikling samla sett.

4.15 Ansvar 134 – Barnevern

Om tenesta:

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får naudsynt hjelp, omsorg og

beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing, og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår.

Økonomi:

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	Pr 30.08	årsslutt	2021	Kroner
134 Barnevern	2 185 806	5 100 584	5 100 584	0

Kommentarar:

Barnevernet har iverksett eit tiltak som det per 30.08 ikkje er fakturert for. Ut frå prognosen ser det ut som at budsjettet vil halde.

Arbeidsgjevar:

Årsverk: 5

Viktige hendingar hittil i år:

- barnevernet deltek i prosjekt «Tett på»
- klargjering for barnevernreforma
- oppfyljing av tjenestestøtteplan og utviklingsplan for tenesta.
- deltaking i læringsnettverk for tiltaksarbeidere

Per i dag er stillinga som tiltaksarbeider vakant. Stillinga vart utlyst med søknadsfrist 12.09.21 og det vil bli gjennomført intervju i veke 40/42. Målet er å få rekruttert inn til 01.01.22.

Sjukefråver:

Pr. 30.08 i år	Pr 30.08 i fjor
5,41 %	4,74 %

4.16 Ansvar 135 – Flyktingtenesta

Om tenesta:

Flyktingtenesta har sida 2014 busett 80 flyktingar (inkludert fødde). Det var ein topp i 2016 med 23 busettingar. Sida har Lærdal busett 14 flyktingar i 2017, 7 flyktingar i 2018, 8 flyktingar i 2019 og 6 flyktingar i 2020.

Sentrale oppgåver for flyktingtenesta er:

- Oppfølging av deltakarar i introduksjonsprogram
- Undervisning i norsk og samfunnskunnskap
- Etablering og buretleiing – ansvar for husleige kontraktar og framleige
-
- Korrespondanse med IMDi/UDI (avtalar, rapporteringar og søknadar)
- Følgje opp andre einingar som har tenester for flyktingar og koordinere (samarbeidsavtalar)
- Kvalifiserande tiltak m.m og individuell plan
- Ansvar for å leie og gjennomføre kommunal, tverretatleg flyktinggruppe
- Sette flyktingar i kontakt med frivilljuge organisasjonar og legge til rette for fritidsaktivitetar

Økonomi:

		Regnskap 30.08.2021	Budsjett 2021
Ansvar: 135 Flyktingetenesta			
21300	VAKSENOPPLÆRING	- 535 929	0
24220	FLYKTINGEKONSULENT	994 787	-4 082 100
27500	INTRODUKSJONSSTØNAD	2 262 639	4 082 100
	Sum ansvar: 135 Flyktingetenesta	2 721 498	

Kommentarar: Utgiftene vert dekkja av tilskot frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Alt tilskot frå IMDi vert overført til integreringsfondet.

Tiltak: reduksjon i form av 1 årsverk fom 1. januar 2021.

Viktige hendingar hittil i år:

- Oppmoding om å busette 10 flyktingar av IMD i 2021. Per 1. kvartal er det laga avtale om busetting av familie på 5 personar som kjem medio 2021
- Vaksenopplæringa vart flytta under ansvar 135 Flyktingtenesta frå 1. januar 2021
- Fått kr. 70 000,- i tilskot frå Statsforvaltaren til føremålet ferie/aktivitet til flyktingfamiliar. Planlegg ferie med overnatting på Pers Hotell i august.

- Tenesta vart redusert med 1 årsverk frå 1. januar 2021

Arbeidsgjevar:

Årsverk: 3,3 årsverk: 1 flyktingkonsulent i 100% stilling, 1 avdelingsleiar i 100% stilling (20% for Aurland), 1 lærar i 80% stilling og 1 lærar i 50% stilling. Totalt %. Refusjonsordning med Aurland kommune for leiarfunksjonen. Avdelingsleiar har sagt opp i 1. tertial og har siste arbeidsdag 9. juni. Stillinga er førebels ikkje lyst ut.

Sjukefråvær (for heile NAV):

Kommentarar:

Ei langtidssjukemelding har ført til høgt utslag på statistikken for 1.tertial 2021.

4.17 Ansvar 136 – LMS

Om tenesta:

Sogn lokalmedisinske senter (Sogn LMS) driftar legevakt og kommunale akutte døgnplassar for tre kommunar og legevaktsentral for seks kommunar i Indre Sogn. Kommuneoverlege og psykolog er tilsett

ved eininga og er delt mellom tre kommunar. Lærdal kommune er vertskommune og har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette. Sogn LMS er lokalisert på Lærdal sjukehus og samarbeider tett med spesialisthelsetenesta.

Økonomi:

	Rekneskap pr 30.08	Prognose årsslutt	Budsjett 2021	Avvik i Kroner
LOKAL MEDISINSK SENTER (LMS)	1 944 395	4 569 410	4 569 410	0

Kommentarar:

Eininga kjem i balanse per 30.08. Ein må likevel ta omsyn til at eininga har hatt redusert bemanning og utfordringar i høve til å skaffe kvalifisert kompetanse. Eininga har difor nytta vikarbyrå og overtid i første kvartal for å sikre forsvarleg drift.

Pr 30.08 i år	Pr 30.08 i fjor
13,69 %	10,80 %

Arbeidsgjevar:

Årsverk 11,3 pr 31.08.21
Tilsette: 20 (inkludert stab/støttefunksjonar, legar og kommunepsykolog

Sjuefråver:

Eininga har hatt fokus på å sikre forsvarleg drift og bemanning grunna sjuefråværet dei siste månadane. Langtidsmeldt sjuefråvær er den største årsaka til at statistikken er høgare enn på same tid i fjor.

4.18 Ansvar 151 –Kultur og formidling

81 elevar v/kulturskulen og 6 tilsette (dei fleste i små stillingar)
2 tilsette ved bibliotek
2 fast tilsette + lærling (frå april 2021-februar 2022) ved ungdomsklubb. Her er ein av dei tilsette ute i permisjon resten av året. Brukarar er ungdom frå 13-18 år. Det har vore restriksjonar i høve smittevern dette året, og aldersgruppa 13-16 har vore prioritert.
2 tilsette ved kulturkontoret

Viktige hendingar hittil i år:

- Prosjektet Biblioteket i sentrum er avslutta. Prosjektet har auka samarbeidet mellom frivillige og kommunale tenester. Det har medført meir aktivitet i biblioteket

- Kultursalen er ferdig oppgradert og aktiviteten har auka etter at dei fleste smitterestriksjonane er oppheva.
- Lærdal kommune drifta Sogn kunstsenter i sommar etter ny driftsavtale frå våren 2021. Drifta skal vurderast i løpet av hausten. Det var ikkje sett av midlar til drifta for 2021, men det ser ut til at dei ekstra utgiftene ikkje skal gå ut over økonomien elles.
- Ny plassering av ungdomsklubb vart landa i august.
- Kulturskulen har godt elevtal
- Kinoen har i hovudsak køyrt to visningar i veka frå våren 2021.

Arbeidsgjevar:

Årsverk: 5,335 + 0,3 lærling (medrekna 0,2 (22,5%) som er ute i permisjon fram til jul) Det var ikkje budsjetttert med lærling 2021

Sjuefråver:

Pr 30.08. i år	Pr 30.08 i fjor
0,85 %	0,80 %

Økonomi:

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	pr 30.08	årsslutt	2021	Kroner
Sum ansvar 151 Kultur	4515027	6 534 920	6 534 920	0

Kommentarar: prognosen syner at ansvar 151 går i balanse ved årsslutt

4.19 Ansvar 115 Eigedomsforvaltning, ansvar 162 –Teknisk drift, ansvar 163 Sjølvkost VA

Om tenesta:

Drift og vedlikehald av kommunale vegar/ gangvegar, bygningar, vatn/ kloakk anlegg, brannvesen, grøntområde, fylkevegar, mv. Dette i heile vår langstrakte kommune.

Økonomi:

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	pr 30.08	årsslutt	2021	Kroner
115 Eigedomsforvaltning	-955 420	-2 016 911	-2 016 911	0

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	pr 30.08	årsslutt	2021	Kroner
162 Teknisk drift	13 607 721	16 870 176	16 870 176	0

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	pr 30.08	årsslutt	2021	Kroner
Sum 163 Sjølvkost vatn og avløp	-265 961	-875 000	-875 000	0

Kommentarar:

Stort sett god drift innanfor vedtekne rammer. Truleg eit lite overforbruk på ansvar 162, men dette håpar me å ta inn att. Uventa høge straumutgifter og kaldt i vinter er litt av forklaringa. På tross av nedskjeringar i tilgjengeleg rammer for 2021, ser det ut som om me har god kontroll på tenestene vi utfører, og økonomien i desse. Budsjettmessig vil vi nok komme i mål innafør rammene.

Tiltak

Teknisk drift har fått ekstra inntekter frå Øyraplussen 14, ved blant anna sal av tenester, flytting av utgifter m.m. «korona»

midlar frå staten, på deler av vedlikehald av bygningar. -me har òg sagt opp ein relativ dyr driftsavtale med privat føretak om styringssystem for bygningar, som vi ikkje nyttar slik som forutsett.

Viktige hendingar hittil i år:

Høgt fokus på mest mogeleg arbeide i eigen regi.

Flinke sommarvikarar.

Utvendig vedlikehald av bygningane våre.

Vedlikehald i sentrum, grøntområde m.m.

Oppgradering etter tilsyn Borgund barnehage, og utviding av barnehagen.

Arbeidsgjevar:

Årsverk:

Sjukefråver:

Pr. 30.08 i år	pr 30.08 i fjor
5,24 %	7,04 %

Kommentarar:

Litt høgt sjukefråver. Delvis lagtidsrelatert, men òg noko korttidsfråver. Fokus på trygg og god arbeidsplass for alle, er viktig og noko me

prøver å etterleva! Tre tilsette har fått innvilga permisjon i eit år. Det er rekruttert inn att to tilsette ved teknisk drift, også med bakgrunn i pensjonsavgang til neste år.

5 Investeringar

I budsjettet for 2021 er det vedteke investeringar for totalt kr 61 370 000 for 2021. Dei største investeringsprosjekta er i tilknytning til nytt vassverk og næringsprosjekta ved Håbakken, er det lagt ned mykje tid og ressursar i. Dette er store og viktig prosjekt for kommunen, som har hatt prioritet.

Vassverket er noko forseinka som skuldast tilhøve me ikkje kan påverke.

Erfaringane me har gjort gjennom året er at det er for mange prosjekt på ein gong, og Lærdal kommune er erfaringsmessig for liten til å gjennomføre fleire store investeringsprosjekt på same tid. I tillegg er det kome til nye

prosjekt gjennom året, til dømes ombygging/utbygging av hybelbygget til nytt dagsenter som har hatt prioritet etter ønskej frå kommunestyret.

I vedlegget til tertialrapporten er det eit eige oversyn over vedtekne investeringsprosjekt med kommentarar, og prognose for kostnader.

Det er fleire prosjekt som ikkje blir igangsett i år, og som må utsetjast til neste år. Så langt i år er det brukt omlag 21 mill av totalt 61 mill. I investeringsoversikten for 2021 er det knytt kommentarar til kvart einskild prosjekt.

Tertialrapport nr. 2 2021

		Regnskap	Buds(end)
		2021	2021
20008	Varmepumpe/fjernvarme	-	500 000
20012	Næringsområde Håbakken 1	6 423 720	6 500 000
20013	Arealeffektivisering Lærdal rådhus	32 027	400 000
20016	Bustadtomter Lærdalsøyri	360 094	2 500 000
20017	Opprusting kultursal	697 942	720 000
20019	Borgund samfunnshus renovering	75 911	500 000
20020	Bussparkering og andre infrastrukturtiltak for gjennomreisande	-	1 150 000
20022	Skred-/flaumsikring bustadhus kommunen sin del	-	2 300 000
20026	Nytt Bibliotek	-	100 000
20027	Ny ungdomsklubb	22 181	1 500 000
20035	SD- Anlegg	-	150 000
20036	LED- Gatelys	-	200 000
20039	Hovudplan avløpi	893 223	10 000 000
20041	Hovudplan vassforsyning	10 328 757	21 000 000
21006	Lokal IKT - platform	192 779	550 000
21007	Oppvekst IKT	10 975	100 000
21008	Elev PC/nettbrett	97 994	400 000
21009	Ny visma modular	3 750	150 000
21010	Nettverks Utstyr	-	150 000
21011	Acos oppdatering modular	128 538	150 000
21012	Overgang frå lokal exchange Office 365	96 632	200 000
21013	Digitale smarttavler oppvekst	557 208	600 000
21014	Digisos	108 750	260 000
21015	Flaumsikring Lærdalsøyri - Lærdal sin del	-	1 000 000
21016	Ombygging/forstudie Lærdalsøyri skule	-	500 000
21017	Trafikktryggleik - Diverse tiltak	-	1 500 000
21018	Saltkjelen Bustadfelt - grunnerv og opparbeiding	-	1 000 000
21019	Prosjekt Lærdal sjøfront	-	1 600 000
21020	Gamle Lærdalsøyri - nytt gatedekke	-	500 000
21021	Universell utforming lege og fysioterapi	-	200 000
21022	Lys parkeringplass Borgund	-	200 000
21023	Kjøp av leasingbil	-	100 000
21024	Velferdsteknologi	21 409	400 000
21025	Personvarslingsanlegg	-	400 000
21026	Utstyr teknisk	-	300 000
21027	Håbakken 2	1 174 445	2 000 000
21035	Uteareal Lærdalsøyri Barnehage	7 963	1 000 000
21036	Kjøp av bil 2021	-	590 000
	T O T A L T	21 234 294	61 370 000

Investeringsoversikt 2021. Rapportering 2. tertial

Prosjekt	Budsjett (revidert)	Prognose	Status start	Når ferdig ¹	Merknad
Varmepumpe/fjernvarme (utgreiing)	500 000	500 000	Pågåande. Vil bli starta opp i år.	2022	Jobbar med å få inn kompetanse for å finne dei beste løysingar for Lærdal kommune.
Næringsområde Håbakken 1/ E16	6 500 000	7 500 000 1 500 000	Håbakken 1 er ferdigstilt.	2022	Overskriding pga. avtalar om ekstraarbeid på tomt som ikkje låg inne i budsjettet. (Avkøyrsel Slinde-tomta vert budsjettert med eigen investeringspost i 2022)
Næringsområde Håbakken 2	2 000 000	2 000 000	Pågåande		Flytting av elvekile er ikkje inkludert årets investeringskostnadar og må budsjetterast inn i 2022-budsjettet.
Arealeffektivisering Lærdal rådhus	400 000	100 000	Vert ikkje ferdige i år, har ikkje hatt prioritet.	2022	Ferdig med kontordelen, men treng midlar til ny kantine i 1. etg.
Bustadtomter Lærdalsøyri	2 500 000	2 500 000	Pågåande	Kontinuerleg arbeid	Gjeld Arealdelen, reguleringsplan for Hanseskogen, mogleg grunnerverv og oreigningssak,

¹ Dato for «Når ferdig» i denne samanheng er siste frist for å bruke året

s investeringsmidlar avsatt til det einkilde prosjekt

					tilkomstvegar til nye tomter osv.
Opprusting kultursal	720 000			Ferdig	
Borgund samfunnshus renovering	500 000	500 000		2022	Har fått tilskot kr. 277 000 som kjem i tillegg. Arbeid godt i gang, men avhengig av dugnadskapasitet.
Bussparkering og andre infrastrukturiltak for gjennomreisande	1 150 000	0		2022	Investeringsposten bør flyttast til 2022, då planlegging av bussparkering skjer i 2021/2022 under Investeringspost «Sjøfront» (reg.plan Grandane), medan gjennomføring kan skje i 2022
Skred/ flaumsikring bustadhus kommunen sin del	2 300 000	0	Ikkje påbyrja/påbyrja	2022?	Posten kan dekke fleire prosjekt, som me ikkje har fått følgd opp tidsnok til å rekke i 2021, også pga. lang sakshandsamingstid i NVE. Bør setjast opp att i 2022, og prioriterast då.
Nytt bibliotek	100 000	0	Ikkje påbyrja	?	Kommunestyret må få lagt fram sak om lokalisering av biblioteket.
Aktivitetshus (Ny Ungdomsklubb)	1 500 000	500 000	Under planlegging.	2022	Jf. eiga sak i Kommunestyret

			Vert ikkje ferdige i år, stipulert til 5 mill. Storparten av kostnaden kjem i 2022		
SD- Anlegg	150 000	150 000	Det kjem til å bli brukt på Doktor-heimen.	2021	
LED- Gatelys	200 000	200 000	Har bestilt det meste. Rest blir bestilt i 2021	2021	
Hovudplan avløp	10 000 000	2 000 000	Oppstarta entreprise vert ferdige i år. (samanheng med hovudplan vatn)	2022	Avløp frå Håbakken til avløpssystem på Lærdalsøyri er sett i drift. Står igjen oppgradering av reinseanlegg på Grandane.
Hovudplan vassforsyning	21 000 000	14 000 000	Pågåande entreprisar B1, B2 og M1 vert ferdige i 2021. Utlysing entreprise B3 Høgdebasseng planlagt starta i 2021.	2022	Vassforsyning til Håbakken og Lærdalsøyri frå Hauge vassverk vert ferdig i 2021. (ventar på etablering av trafo) Høgdebasseng i Ofta vert utført i 2022.
Flaumsikring Lærdalsøyri - Lærdal sin del	1 000 000	0	Pågåande	?	NVE kjem til å bruke året på planlegging, så kommunen brukar truleg ikkje midlar på dette før i 2022.
Ombygging/forstudie Lærdalsøyri skule	500 000	0	Ikkje igangsett	2022	Flyttast til 2022
Trafikktrygging – Diverse tiltak	1 500 000	0	Nokre av prosjekta er starta opp. Må	2022	Flyttast til 2022.

			avklarast kva type gjerde på TIK ved LØS.		
Saltkjelen Bustadfelt – grunnnerv og opparbeiding	1 000 000	1 000 000	Under oppstart	2022	Me førebur sak til politisk handsaming om prosessen vidare. Kan få brukt opp midlane for i år med div. prosjektering, kostnadskalkyle, grunnnerv av tilkomstveg og div.
Prosjekt Lærdal sjøfront	1 600 000	300.000	Påbyrja	2022	Me kjem i gang med noko planleggingskostnadar (konsulent) i 2021, men posten bør setjast opp att i 2022. Set 300.000 kr i prognose for kva me rekk i planleggings- og utgreiingskostnadar for 2021
Gamle Lærdalsøyri	500 000	500 000	Planlegg å bruke tidlegare detaljplan frå 2012, og oppdatere tala.	2021 (2022)	Det er ikkje igangsett, men det er ei målsetting å starte på arbeidet før nyttår. (Usikkert om me får brukt budsjettposten i år)
Universell utforming lege og fysioterapaut	200 000	200 000	Under oppstart	2021	Vert utført i år
Utstyr teknisk	300 000	300 000	Anbodsinnhenting	2021	Vert ferdig i år

Velferdsteknologi	400 000	100 000	Prosjektet går løpende i økonomiplanperioden.		Prosjekt som går over flere år, og kostnadene vil fordeles ulikt mellom kalenderåra.
Lærdalsøyri barnehage uteområde (kom inn i revidert budsjett)	1000 000	1 000 000	Prosjektet blir gjennomført i haust	2021	
Budbil bu- og miljø (kom inn i revidert budsjett)	510 000	0			På grunn av endringsprosess knytt til drift av budbil, vil ikke investeringa bli gjennomført i år.
Personvarslingsanlegg	400 000	400 000	Er planlagt installert før årskifte.	2021	Vert ferdig i år
Digitale smarttavler oppvekst	600 000	600 000		2021	Vert ferdig i år
Digisos	260 000	260 000		2021	Vert ferdig i år
Lokal IKT – plattform	550 000	550 000		2021	Vert ferdig i år
Oppvekst IKT	100 000	100 000		2021	Vert ferdig i år
Elev PC/nettbrett	400 000	400 000		2021	Vert ferdig i år
Nye Visma modular	150 000	150 000		2021	Vert ferdig i år
Acos oppdatering av modular	150 000	150 000		2021	Vert ferdig i år
Overgang frå lokal exchange Office 365	150 000	150 000		2021	Vert ferdig i år



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
094/21	Formannskapet	30.09.2021
055/21	Kommunestyret	07.10.2021

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr. 20/1098 - 12
----------------------------------	---------------	----------------------------------

Omstillingsprosjektet. Framlegg til strategiar og delprosjekt

Kort samandrag:

Rådmannen kjem med framlegg om fem delprosjekt som skal medverke til omstilling i tråd med prosjektet si målsetting. Delprosjekta og prioriteringane er forankra i prosjektgruppa for omstilling.

Formannskapet er styringsgruppe for prosjektet, og dei har i tidlegare møte fått lagt fram Statusrapport, og dei har godkjent plan for framdrift og milesteinar.

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek fem delprosjekt slik dei ligg føre.
2. Delprosjekta skal synleggjerast og koblast mot budsjett- og økonomiplanprosessen for 2022-2025.

30.09.2021 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-094/21 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek fem delprosjekt slik dei ligg føre.
2. Delprosjekta skal synleggjerast og koblast mot budsjett- og økonomiplanprosessen for 2022-2025.

07.10.2021 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS-055/21 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek fem delprosjekt slik dei ligg føre.
2. Delprosjekta skal synleggjerast og koblast mot budsjett- og økonomiplanprosessen for 2022-2025.

Vedlegg:

Kommunebarometeret. Endeleg
Framlegg til strategi og delprosjekt
Statusrapport omstilling (2) (1) (1) (002) (1) (003)

Relevante dokument i saka

Omstillingsprosjektet. Statusrapport

Kommunebarometeret. Endeleg utgåve

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Saksutgreiing

I tråd med tidlegare vedtak og prosjektmandatet, legg rådmannen fram forslag til strategiar og delprosjekt for formannskapet som innstiller til kommunestyret i oktobermøte.

I arbeidet med omstillingsprosjektet har me nytta data og kjeldemateriale om kommunen. Dette er KOSTRA-data/økonomidata, Rapport frå Telemarksforskning, Kommunebarometeret, brukarundersøkingar, HMS/sjukefråversdata og medarbeidarkartleggingar.

Føremålet med statusrapporten som blei lagt fram for formannskapet før sommaren, var å gje eit objektivt syn på kommuneøkonomien i Lærdal, kvalitet på tenestene og kva faktorar som

påverkar dette, og synleggjere kommunen sine utfordringar no og fram i tid.

Økonomiske konsekvensar

Sjølve gjennomføringa av prosjektet er så langt gjort med eigne ressursar.

Vurdering

Frå sentrale styresmakter vert det gitt styringssignal til kommunane om å fokusere på omstilling og effektivisering av kommunale tenester. Berekraft og innovasjon er omgrep som vert mykje nytta overfor kommunesektoren. Kommunane skal vere berekraftige med omsyn til økonomi, sosiale tilhøve og klima/miljø.

Kommunen som verkemd jobbar aktivt og godt med omstilling og endring i ulike delar av organisasjonen. Samstundes må me erkjenne at endringsarbeid er krevjande, og det er viktig at me legg til rette for gode prosessar.

Tidlegare erfaringar med reine «kutt-vedtak» og raske omorganiseringar utan involvering, medfører risiko for auke i sjukefråveret, uro i organisasjonen, høg gjennomtrekk av leiarar og fare for budsjettoverskridingar.

Delprosjekta som prosjektgruppa prioriterer og tilrår skal medverke til at kommunen når målsettingane som er vedteke i prosjektmandatet.



Lærdal kommune

Omstillingsprosjektet

Framlegg til strategiar og delprosjekt



laerdal.kommune.no

Tidsplan (vedtak i F-sak 72/21)



Bakgrunn

- Økonomisk berekraft (dei finansielle måltala)
- Langsiktig styring av kommuneøkonomien (forsterka i ny kommunelov)
- Behov for årleg innsparing i økonomiplanperioden
- Omsynet til framtidige generasjonar
- Behov for handlekraft og handlingsrom til å møte framtidige utfordringar

Mål for prosjektet

- *Lærdal kommune skal vere berekraftig økonomisk, sosialt og på klima og miljø:*
 - Tilpassa ressursbruk (ikkje sløse)
 - Ha ein effektiv organisasjon
 - Helsefremjande arbeidsplassar
 - Effektive arbeidsprosessar

Kommuneøkonomi og ressursbruk

- Kommunen har høgast ressursbruk innan
 - Helse
 - Pleie- og omsorg
 - Sosialtenesta
 - Barneverntenesta

Utfordring

Med fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder må me omstille oss til å gjere meir med mindre ressursar enn i dag.

Strategi

Styrke kompetanse i endringsleiing. Jobbe aktivt med å utvikle medarbeidarskap og endringsvilje.

Finans og gjeld

- Kommunen har høg gjeld, ved årskifte var gjeldsgraden 120 %. Dersom gjeldsgraden hadde vore i samsvar med målsettinga på 75 % ville den totale lånegjelda vore meir enn 100 mill lågare, og årlege rente og avdrag som belastar driftsbudsjettet ville vore 6-7 mill lågare.
- Oppsparte midlar/fond ved årskifte er i samsvar med måлтаlet (> 5%).

Utfordring

Ha ein berekraftig økonomi på lang sikt. Omsynet til framtidige generasjonar.

Strategi

Redusere omfanget av årlege investeringsprosjekt og ta ned ramma. Satse på gjenbruk av materiale, inventar m.m. Ikkje kjøpe nytt. Søke midlar gjennom ordningar i regi fylkeskommunen osv.

Tenestekvalitet

- Lærdal kommune ligg på den nederste halvdel av Kommunebrometeret
- Objektive målingar som kommunebrometeret rangerer kultur og pleie- og omsorg som dei tenestene der me har best kvalitet
- Utfordringane med tenestekvalitet er størst i Barnevernstenesta, og i Oppvekst.

Strategi

Bruke kommunebrometeret aktivt til å sette seg mål og arbeide målretta med kvalitet. Auke kompetansen hjå leiarane til å bruke nøkkeltala og analysen strategisk, og jobbe målretta med forbetningsarbeid.

Kommunen som arbeidsgjevar

- Stabilitet og kontinuitet, periodevis stor gjennomtrekk særleg blant leiarar
- Sjukefråveret (over tid) – har vore høgt
- Arbeidsmiljø og organisasjonskultur
- Tre-partssamarbeid
- Kompetanseutvikling (systematisk)

Strategi

Bli meir framoverlent. Jobbe med arbeidsmiljø og helsefremjande arbeidsplassar. Jobbe aktivt med organisasjonskultur.

Prioritering av 5 delprosjekt i 2021

- Omstilling i helse- og omsorgstenesta (prosjektleder Åge Bøyum)
 - Intensivere arbeidet med digitalisering ved Helsesenteret og bruk av velferdsteknologi i omsorgstenesta og bu- og miljø
 - Arbeidstidsordningar og turnusarbeid i helse- og omsorg. Utprøving og kompetansehevande tiltak.
- KOSTRA/GSI (prosjektleder Anne Marie Mo)
 - Kvalitetssikre registrering av nøkkeltal. Bruke aktivt nøkkeltala til å analysere kommunen sin ressursbruk og tenestekvalitet.

Prioritering av 5 delprosjekt i 2021

- Arbeidsgjevarstrategi (prosjektleder Marianne Voldum)
 - Helsefremjande arbeidsplassar
 - Leiarutdanning
 - Utvikle strategiar som skal styrke rekrutteringsarbeidet i kommunen
 - Omdømmebygging
 - Styrke kompetansen i endrings- og omstillingsarbeid
- Kommunebarometeret (prosjektleder Anne Margrete Hatlelid)
 - Mål om å bli blant dei 100 beste kommunane i landet på tenestekvalitet
 - Bruke kvalitetsindikatorane til å jobbe målretta for å bli betre
- Prosjektledning/styring – PLP-metoden (prosjektleder Harald Stadheim)
 - Mål om å få til betre styring av prosjekt
 - Opplæring og bruk
 - Prosjekthandbok for Lærdal kommune med felles malar for mandat og rapportering

Andre pågående prosjekt som har effekt på omstillingsarbeidet i kommunen

- Leve heile livet- reforma
- Tett på – prosjekt
- Grøne Lærdal – miljøfyrtårnsertifiseringa
- IKT-samarbeidet. Omlegging og ny samarbeidsavtale i samband med at Aurland går ut ved årskifte. Digitaliseringsarbeid
- Sogn LMS – ny samarbeidsavtale med Helse Førde, og fornying av vertskommuneavtalen med Årdal og Aurland
- Organisering av økonomikontorfunksjonen, og vurdering av samarbeidsavtalen med Aurland (kan gå ut av samarbeidet frå 1. januar 2023, oppseiing er varsla innan 2-års fristen)



2021

Statusrapport Omstillingsprosjektet

Gunn Lerøy

[Firmanavn]

02.06.2021

Innhold

Samandrag	2
Forord.....	4
Kva kjenneteiknar kommunar med god styring (kjelde: Agenda Kaupang 2021).....	5
Økonomi og ressursbruk.....	5
Pleie- og omsorg	6
Helse.....	6
Administrasjon	6
Finans	7
Tenestekvalitet.....	7
Kvalitet i pleie- og omsorg	8
Kvalitet i helse	8
Kvalitet i grunnskulen	9
Kvalitet i barnehagane	10
Kvalitet for andre teneste i kommune	10
Kommunen som arbeidsgjevar	11
Grøne Lærdal	12
Kjelder	13

Samandrag

Som organisasjon er Lærdal kommune den største arbeidsplassen i Lærdal med 223 årsverk fordelt på om lag 300 tilsette. Kommunen skal yte lovpålagde tenester til innbyggjarane frå vogge til grav, vere forvaltningsorgan og lokal myndigheit, handtere store kriser og beredskapshendingar, arbeide for å utvikle samfunnet og næringslivet, leggje til rette for lokaldemokrati og folkevald styring, og handtere rolla som arbeidsgjevar for kommunen si største verksemd.

Lærdal kommune er rekna for å vere ein «høginntektskommune» i KOSTRA samanheng. Dersom ein inkluderer konsesjonskraftinntekter og eigedomskatteinntektene i dei frie inntektene, har Lærdal kommune korrigererte frie inntekter som utgjer 109 prosent av landsnittet. Dette gjeld både i 2019 og 2020 inntektene, og går ein fleire år tilbake i tid har inntektsnivået vore enno høgare som følgje av kraftinntekter.

Med unntak av driftsåret 2020, har kommunen hatt negative driftsresultat, og gjeldsgraden har auka grunna store investeringar. Det positive er at kommunen har klart å bygge seg opp eit disposisjonsfond på 21 mill ved inngangen til 2021.

Kommunen har lagt bak seg nokre år med skiftande organisasjonsmodellar og hyppige omstillingsprosessar (Ny organisasjonsmodell i 2012, Omstillingsprosjekt i 2013 PwC, Sunn kommuneøkonomi 2016-2017, «Optimal organisering» i 2017, og innføring av ny organisasjonsmodell i 2018-2019 (frå tre til to nivå). Fokuset i desse prosessane har vore mykje på strukturelle grep og organisering, og iverksetting av ulike innsparingstiltak for å ta ned driftsnivået. Det har tilbake i tid vore gjennomført fleire nødvendige grep i helse- og omsorgstenesta med aukande satsing på heildøgn omsorgsbustader, satsing på heimebaserte tenester og nedbygging av institusjonsplassar. I 2017 blei skulestrukturen endra ved at Ljøsne skule blei lagt ned. Begge tiltaka har openbart gitt innsparing og ført med seg ei meir effektiv drift.

Ulike kvalitetsmålingar som Kommunebarometeret og brukarundersøkingar tilseier at kommunen jamt over gir gode tenester til innbyggjarane, og omlag på snitt med landet. Høgast skåre får kommunen på tenester innan helse- og omsorg, medan barnevern og sosialtenesta kan synes å ha dei største utfordringane. Økonomisk har me den største ressursbruken knytt opp til helse- og omsorg, medan barnehagane og skulane har ressursbruk på linje med landsnittet eller litt under. Særleg ser me at barnehagane ligg lågt på ressursbruk, og har ei effektiv drift.

Organisatorisk har det periodevis gjennom fleire år vore stor gjennomtrekk av leiarar på ulike nivå i organisasjonen. Det kan vere noko av forklaringa på at kommunen har lege signifikant høgare når det gjeld sjukefråver samanlikna med landsnittet og nabokommunar, og er ein faktor som kan ha gitt kommunen meirkostnader til vikarbruk og overtid. Ei ustabil leiing gjer det meir krevjande å få til ei god styring, og særleg innan helse- og omsorg kan dette vere forklaring på store budsjettoverskridingar, og generelt høg ressursbruk. Forskning og kunnskap om leiing i helse- og omsorg underbyggjer desse forklaringane

Når det gjeld samfunns- og næringsutvikling har kommunen lukkast på fleire område, og samanlikna med ein del andre kommunar i regionen, har Lærdal eit variert arbeidsliv, og den geografiske plasseringa gir grei pendlaravstand til nabokommunar.

På den andre sida har folketalet vore synkande dei siste tiåra slik trenden har vore for mange distriktskommunar, og kommunen har utfordringar med fødselsunderskot fleire år på rad. Folketalet ved inngangen til 2021 syner at kommunen har redusert folketalet med om lag 100 innbyggjarar

totalt dei siste 10 åra, og i følgje dei mest sannsynlege prognosane frå Telemarksforskning og SSB, vil denne utviklinga halde fram uansett om ein legg til grunn høg, middels eller låg vekst. Lærdal kommune får ein sterk vekst i tal eldre i perioden frå 2024 og dei neste tiåra. Mange eldre lever lenge og klarar seg godt utan hjelp frå kommunen. Årsakene er mellom anna auka kunnskap om eiga helse, betre tilgang til velferdsteknologi, og nye behandlingsmetodar i helsevesenet. Det er likevel slik at statistisk sett så vil ei dobling av tal eldre over 80 år som Lærdal kommune vil ha i 2040, føre med seg at fleire vil trenge hjelp frå helse- og omsorgstenesta. I tillegg vil færre i yrkesaktiv alder 20-66 år gjere det enno vanskelegare å rekruttere til helse- og omsorg.

Dersom kommunen ikkje klarar å snu trenden med fødselsunderskot og flytteunderskot, vil det bli færre barn i barnehagane og på skulen. Det vil bli behov for færre lærarar og andre yrkesgrupper ved skulane og barnehagane, og større behov for sjukepleiarar, vernepleiarar og omsorgsarbeidarar.

Desse demografiske utfordringane er i sum dei største for Lærdal, og det krevja ein felles innsats for å jobbe enno meir offensivt med samfunns- og næringsutvikling, og inngå partnerskap med frillig sektor. Det vil vere heilt avgjerande at me kan få større fokus på kommunen si rolle som samfunnsutviklar, og internt i organisasjonen må fokuset på tenesteinnovasjon, endring og omstilling intensiverast.

Forord

Lærdal kommune har vedteke å gjennomføre ein omstillingsprosess i 2021. Behovet for dette blei synleggjort i samband med økonomiplanprosessen, og det er lagt til grunn kostnadsreduksjonar med 2 % kvart år i perioden 2022-2024. I tillegg har Lærdal kommune store utfordringar knytt til endring av demografien og endra alderssamansetting med fleire eldre, færre i yrkesaktiv alder og færre barn i åra som kjem.

I regjeringa si perspektivmelding er det varsla trongare økonomiske rammer til kommunesektoren som følgje av vekst i utgiftsbehovet for helse- og omsorgstenester og auke i pensjonskostnadane. Samstundes vil skatteinntektene vekse saktare fordi sysselsettinga vil flate ut, og åra ein har hatt med auka i bruk av oljepengar for å få statsbudsjettet i hamn, ligg bak oss.

Frå sentrale styresmakter vert det gitt styringssignal til kommunane om å fokusere på omstilling og effektivisering av kommunale tenester. Berekraft og innovasjon er omgrep som vert mykje nytta overfor kommunesektoren. Kommunane skal vere berekraftige med omsyn til økonomi, sosiale tilhøve og klima/miljø.

Føremålet med statusrapporten er å gje eit best mogleg objektivt syn på kommuneøkonomien i Lærdal, kvalitet på tenestene og kva faktorar som påverkar dette, og synleggjere kommunen sine utfordringar no og fram i tid.

Rapporten skal medverke til betre innsikt i korleis ein nyttar ressursane i dag, og syne handlingsrommet for endringar.

Kva kjenneteiknar kommunar med god styring (kjelde: Agenda Kaupang 2021)

Godt styrte kommunar er kjenneteikna av

- god tenestekvalitet
- låge kostnader
- gode finansar

Gode resultat kjem av hardt arbeid og god leiing over tid. I regjeringa si perspektivmelding, vert følgande strategiar tilrådd til kommunane for å skape meir berekraftige velferdstenester:

- gode system for prioritering, trongare økonomi krev tydlegare prioriteringar
- kunnskapsbaserte ordningar og tenester
- fokus på førebygging og tilrettelegging
- ta i bruk ny teknologi og utnytte potensiale til å effektivisere
- privat medfinansiering av enkelte tenester
- tilpasse, fornye og eventuelt avvikle ordningar som det ikkje er behov for

I intervju med dei kommunane som kjem best ut når det gjeld økonomi og tenestekvalitet kjem det fram at avgjerande suksessfaktorar er god samhandling mellom politikk og administrasjon, heilskaplege styringssystem, godt tverrfagleg samarbeid internt i kommunen, tidleg innsats og satsing på førebygging, og involvering av frivillige, lag og organisasjonar (Kjelde: Agenda Kaupang: Webinar 06.05.2021 om effektive kommuner og kva vi kan lære av dei)

Økonomi og ressursbruk

Undersøkingar om ressursbruk i kommunesektoren syner at dei største variasjonane i ressursbruk mellom kommunar finn ein innan pleie- og omsorgssektoren. Dette er den største sektoren til kommunen, og store avvik her vil påverke kommunen sin totale økonomi. Pleie- og omsorgssektoren er i tillegg den tenesta kommunar flest har størst problem med å styre (Kjelde: Agenda Kaupang 2021: Økonomisk analyse av kommunene 2020)

Analysen som Telemarksforskning har levert til Lærdal kommune to år på rad er nyttig for å avdekke tenester som synes å ligg høgere i ressursbruk enn det behovet skulle tilseie. Tenester (funksjonar i KOSTRA-samanheng) som gjennomgående syner eit meirforbruk i ein slik samanheng, vil i utgangspunktet vere meir aktuelle for omstillings- og effektiviseringstiltak enn tenestene som ikkje har spesielt høgt forbruk.

Analysane på kommuneøkonomi avdekkar at Lærdal kommune for dei mest sentrale tenesteområda, samla hadde eit meirforbruk på ca. 12 mill. kr i 2020. I 2010 var meirforbruket talfesta til ca 16 mill. Det er særskilt pleie- og omsorg, helse og administrasjon som peikar seg ut med eit meirforbruk.

Også mindre tenesteeiningar som sosialteneste og barnevernsteneste ligg høgere i ressursbruk samanlikna med gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 5.

Nøkkeltala på finans frå 2020 syner eit høgare netto driftsresultat enn snittet både for KOSTRA-gruppa og landet, kommunen ligg litt under snittet for storleik på disposisjonsfondet og har ein høgare gjeldsgrad.

I analysen til Telemarksforskning er det teke høgde for at kommunane har ulikt utgiftsbehov som vert kompensert gjennom inntektssystemet. For Lærdal er utgiftsbehovet rekna ut til å vere 14 % høgare enn landssnittet, og det er innafor tenestene pleie- og omsorg, administrasjon og grunnskule der utgiftsbehovet er størst.

Pleie- og omsorg

Utrekningane til Telemarksforskning syner at kommunen i 2020 hadde eit meirforbruk på 2,7 mill. Det er korrigert og teke høgde for at kommunen har større utgiftsbehov enn snittet. Meirforbruket er konsentrert om institusjonsplassar i pleie- og omsorgstenesta, og KOSTRA-tal syner at kommunen har høgare kostnader per opphaldsdøgn samanlikna med landsnittet og KOSTRA-gruppe 5. I Lærdal er utgifter per opphaldsdøgn rekna ut til å vere kr. 4489 medan snittet i KOSTRA-gruppe 5 er kr 3812 og snittet for landet kr. 4089.

Dekningsgraden for heimebaserte tenester for innbyggjarar over 80 år er om lag 43 %. Tilsvarende tal for snittet i KOSTRA-gruppe 5 er 34 %, og 29 % for landet. Dette gjev ein indikasjon på at kommunen har ei godt utbygd heimeteneste, og at terskelen for å få tidleg hjelp, er låg.

Helse

Helse har det største avviket målt mot snitt med eit normert, og korrigert meirforbruk på 6,8 mill. Meirforbruket er knytt til behandling, diagnose og rehabilitering, og KOSTRA-tal syner at kommunen har høgare dekningsgrad når det gjeld tilgang til legeteneste og fysioterapeut. På den andre sida ligg kommunen legre enn snittet når det gjeld årsverk knytt til helsestasjon og skulehelseteneste.

Den høge ressursinnsatsen for Helse kan også ha samanheng med at kommunen er vertskommunen for Sogn Lokalmedisinske senter. Det er og grunn til å anta at kostnaden per innbyggjar for legevaktteneste er høgare enn landsnittet, her ser me at analysen til Telemarksforskning ikkje er tilstrekkeleg til å gje svar på dette.

Administrasjon

Det er vanleg at mindre kommunar har høgare kostnader til administrasjon samanlikna med større kommunar på grunn av stordriftsfordelar. Tenester som inngår i denne funksjonen vil vere stillingar knytt til overordna strategisk leiing, økonomi, personal, arkiv, IKT og andre merkantile funksjonar. Også kjøp av konsulentbistand, advokattenester og revisjonstenester inngår i nøkkeltala for administrasjon.

Analysen til Telemarksforskning syner at kommunen har ein meirkostnad til administrasjon med kr 2 mill for reine administrative kostnader, og kr 1 mill til politisk styring.

I samanlikninga til Kommunebarometeret har Lærdal blant dei lågaste administrative kostnadane i blant kommunane i regionen, og ein ser at både Aurland, Årdal, Hol og Hemsedal ligg høgare enn Lærdal.

Nøkkeltal for administrasjonskostnader er den kategorien i KOSTRA som det er hefta størst usikkerheit rundt fordi kommunane har eit visst handlingsrom til å fordele desse ut på tenesteiningane framfor å føre dei på sentrale funksjonar.

Finans

Det er ikkje nok å være effektiv, dersom ein ligg dårleg an når det gjeld finansane. Underskot på drifta tære på fond, og fokuset blir meir på drift enn utvikling. Derfor er netto driftresultat i prosent det viktigaste nøkkeltalet for ein kommune, og Lærdal har vedteke at driftsresultatet skal vere minimum 1,75 % av omsetnad.

Med unntak av fjoråret har kommunen jamt over hatt negative driftsresultat kvart år, og nivået på fond har vore legre enn det kommunane er tilrådd. Ubalanse i drifta er ofte grobotn til interne konflikkar, difor er det svært viktig for Lærdal å ha balanse mellom inntekter og utgifter. Klarar ein å få til eit lite overskot kvart år til avsetning på fond, vil reservane auka og ein får frigjort ressursar til å utvikle kommunen framfor å bruke energien på ulike kutt- og sparetiltak. Fokus på fag og oppgåver gir meir motivasjon, det styrkar attraktiviteten vår som arbeidsgjevar og leiarane kjenner seg mindre pressa.

Gjeldsgraden til kommunen på ca 120 prosent er høgare enn kommune si målsetting på 75 %. Ein sokalla stresstest syner at renteoppgang på 1 % vil gje om lag 3 millionar årlege meirkostnader i rente. Auke i rentekostnader må finansierast av drifta og det synleggjer behovet for å redusere gjelda. Difor må investeringsnivået dei komande åra vere legre enn det har vore. På den andre sida har kommunen eit nærings- og konsesjonsfond som ved inngangen til 2021 var i underkant av 7 mill. Her kjem det løpande indeksregulerte utbetalingar kvart år som utgjer ca 7,8 millionar i året.

Her kan ein i større grad enn tidlegare nytta fondet til investeringar knytt til næringsareal, sentrumstiltak m.v. som medverkar til samfunnsutvikling og tilflytting. Ved ein eventuell renteoppgang er det også høve til å gå å finansiere meir av kostnadane til rente- og avdrag for låneopptak som finansierer næringsretta investeringar, enn det som er tilfelle i dag.

Tenestekvalitet

Det er ikkje lett å måle kvalitet på kommunale tenester. Til dømes vil gode helsetenester vere kjenneteikna av at ein får rett behandling til rett tid, og at ein får tilgang autorisert fagpersonell, t.d. fysio/ergoterapeut og lege. Det er ulike indikatorar og kategoriar for måling av kvalitet

Resultatkvalitet

Skal seie noko om nytten av tenesta. I skulen vert dette målt med t.d. nasjonale prøvar og grunnskulepoeng. Ein anna måleindikator kan vere effekt av behandlingsmetodar i helse, trivsel blant elevar i grunnskulen og barn si språklege utvikling i barnehagen.

Prosesskvalitet

Eit døme på dette er at rutinane for sakshandsaming vert følgt, og at det vert utarbeida individuelle planar for brukarar med samansette behov, og at det er godt samarbeid mellom heimen og skulen/barnehagen.

Strukturkvalitet

Kompetansen til tilsette, normalt for tal tilsette per brukar t.d. pleiefaktor på sjukeheimen eller lærartettleik i skulen, og gruppestorleik samt inne- og uteareal i barnehagen.

Kommunesektoren er lovregulert, og det meste av det ein driv med innan helse- og omsorg, oppvekst, teknisk, kultur og forvaltning er styrt av forskrifter og styringsdokument.

Handlingsrommet til kommunane er mindre enn tidlegare på grunn av innføring av sentrale reformer, t.d. innføring av pedagognormen i barnehagane og skulane, lovpålagte ordningar som BPA (brukarstyrt personleg assistanse) i helse- og omsorg, gratis kjernetid i barnehagen og innføring av nye lovpålagte krav, t.d. at alle kommunar skal ha eigen kommunepsykolog og ergoterapeut frå 1. januar 2020.

Den brukaropplevde kvaliteten kan best målast ved gjennomføring av brukarundersøkingar, brukardialog og kvalitative intervju. I barnehagane og ved skulane har det vore tradisjon for å gjennomføre slike undersøkingar retta mot både elevar, foreldre og lærarar, men det har ikkje vore systemtikk i kor ofte og kva tid på året det vert gjennomført. I helse- og omsorg har det ikkje vorte gjennomført brukarundersøkingar tidlegare, og det ikkje implemetert i kvalitets- og styringssystemet.

Den brukaropplevde kvaliteten er viktig i eit heilskapleg styrings- og kvalitetssystem, og kommunen bør gjennomføre regelmessige brukarundersøkingar/brukardialog minimum annakvart år for dei mest sentrale tenestene. I helse- og omsorg kan pårørande vere ei viktig målgruppe for bebuarar ved sjukeheimen, i tillegg til dei brukarane som får heimebaserte tenester. Tilbakemeldingar frå brukarar kan gjennomførast og systematiserast på ulike måtar.

Også pårørande til utviklingshemma er ei viktig brukargruppe som kommunen bør ha regelmessig brukardialog med for å få tilbakemelding om det som er bra, og kva som eventuelt kan forbeistrast.

I denne statsurapporten legg me til grunn resultatata i Kommunebarometeret for 2020 i tillegg til brukarundersøkingar, lokal kunnskap og eigne kvalitetsrapportar. Fokuset er mest på kjernetenestene i kommunen innan helse- og omsorg og oppvekst.

Kvalitet i pleie- og omsorg

Dei viktigaste nøkkeltala i kommunebarometeret for å måle kvalitet i pleie- og omsorgstenesta er andel tilsette med fagutdanning, andelen av bebuarar med omfattande hjelpebehov og andel skjerma plassar i sjukeheim/institusjon.

I Lærdal har 81,3 prosent av dei tilsette fagutdanning. I dei beste kommunane er andelen 97,5 prosent. Samanlikna med landsnitt kan det tyde på at ein har litt for få plassar ved skjema eining.

God tilgang på korttidsplassar i institusjon er positivt, blant anna for å gi avlastning til pårørande. I Lærdal er andelen 21,34. I Lærdal fikk beboerne i snitt 52,8 minuttar med lege i uka i fjor som er vesentleg høgare enn landsnittet medan tida med fysioterapeut er legrel I Lærdal er 100 prosent av sykehjemsplassene regnet som moderne enerom. Det gir kommunen høg skår på dette nøkkeltalet samanlikna med andre kommuner.. Målt mot kor mange over 80 år som bur heime, er andelen registrerte tryggleiksalarmar i kommunen 68,75 som er høgare enn landsnittet, og det er fleire heimebuande i Lærdal som nyttar seg av ordninga med matombringning.

Kommunen har fleire sjukepleiarar som har teke vidareutdanning, men ein manglar geriatriske sjukepleiarar som er ein viktig kompetanse i eldreomsorga.

Brukarar i bu- og miljøtenesta er organisert som eiga tenesteeining, men i nøkkeltala til KOSTRA vil mange av tenestene som blir gitt, vere registrert under pleie- og omsorg og under helse.

Kvalitet i helse

Dei tyngste nøkkeltala i Kommunebarometeret for å måle kvalitet i helsetenesta er legedekning, dekning av helsesjukepleiar, skulehelse, heimebesøk og vaksinasjonsgrad. Handteringen av koronapandemien har teke mykje av merksemda i helsetenesta i 2020 .

Lærdal brukte 551 kroner per innbyggjar over 4 år til forebyggjende helsearbeid i 2020. I Lærdal fekk 100 prosent av dei nyfødde i kommunen heimebesøk innan to veker i 2020 og 100 prosent av borna helseundersøking innan utgangen av 1. skuletrinn. Lærdal har god dekningsgrad for jordmorressurs, og det er ledig plass på 50 prosent av fastlegelistene. Kommunen ligg greitt på dette nøkkeltalet samanlikna med andre kommunar.

Målt mot folketalet er det 44,21 psykiatriske sjukepleiarar per 10 000 innbyggjarar i Lærdal kommune.

Lærdal ha over tid og gjennom mange år hatt ustabil legedekning, og har brukt vikarbyrå kvart år for å dekke opp faste legestillingar.

Kvalitet i grunnskulen

Nasjonalt har karakterane på 10. trinn auka jamnt og trutt dei siste åra, og i fjor låg dei på 41,67 poeng. Avgangskarakterane på 10. trinn i Lærdal er til samanlikning på 42,83 poeng.

I Lærdal ligg 22,9 prosent av elevane på 5. trinn dei siste fire åra på lågaste mestringsnivå (av tre) på nasjonale prøvar. Normalen i Kommune-Norge er på 28,3. På 8. trinn ligg 3,3 prosent av elevane på det nederste mestringsnivået (av fem nivåer). Dei beste kommunane ligg på 3,3 prosent, og gjennomsnittskommunen ligg på 10,02.

Andelen lærarar som fyller kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk har auka nasjonalt, og 79,36 prosent av norsklærarane, matematikklærarane og engelsklærarane fylte i 2020 kompetansekrava i barneskuletrinnet. I Lærdal er andelen nede i 56 prosent av dette kravet. Ein del lærarar i barneskulen i faga norsk, engelsk og matematikk i kommunen manglar fordjuping. På ungdomsskulen fyller 77,75 prosent av lærarane i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordjuping i faga på landsbasis. I Lærdal ligg andelen på 88,89 prosent.

Ifølge Elevundersøkinga seier 92 prosent av elevane på 7. trinn i Lærdal at dei trivst godt, på landsbasis er tilsvarande verdi på 84,72 prosent Elevundersøkinga viser kva elevane er nøgde med og kva dei er mindre nøgde med. Undersøkinga er gjennomgått i personalgruppa trinnvis og skal takast opp i SU. Elevane skal òg få informasjon og få uttale seg om tiltak som kan settast i verk.

Dei fyrste spørsmåla elevane møter i undersøkinga er: Trivst du på skulen? Har du nokon å vere saman med? På desse spørsmåla svarar elevane at dei trivst på skulen og ingen svarar at dei ikkje har nokon å vere saman med. I tillegg syner undersøkinga at det er liten grad av mobbing i Lærdal. Når det kjem til forbetningspunkt syner undersøkinga eit forbetningspotensial på:

- Elevmedverknad
- Variasjon i undervisninga
- Lik praksis/handheving av reglar
- Uteområde
- Skulehelsetenesta

Når det gjeld spesialundervisning ligg Lærdal høgt samanlikna med landsnittet. Her har det gjennom nokre år vore auka fokus på tilpassa opplæring på landsbasis, og mange skular har lukkast med å redusere omfanget samstundes som elevane får ei tilpassa opplæring i klasserommet.

Omfanget av spesialundervisning og måten det blir gitt på, er framleis ei utfordring for Lærdal kommune.

Kvalitet i barnehagane

I 2020 var gjennomsnittleg bemanningen i kommunale barnehagar 5,23 barn per vaksen i 2018 medan tilsvarende tal for Lærdal var 5. Barnehagenoroma som blei innført frå 1. august i 2018 set krav om at barnehagane skal ha ei grunnbemanning som tilsvarar minimum éin tilsett per tre barn under tre år og éin tilsett per seks barn over tre år.

Andelen kommunale barnehagar som oppfyller pedagognorma, utan dispensasjonar, var i fjor på 70,2 %. I Lærdal er det kun ein tilsett i den eine av dei to barnehagane som har dispensasjon for inneverande barnehageår. 42,1 prosent av dei tilsette i Lærdal har pedagogisk utdanning. Normalen i Kommune-Norge er 42,5 prosent. Andelen menn tilsett i barnehagar er stabilt, nasjonalt er talet på 9,1 prosent. Andelen menn som jobbar i barnehagane i Lærdal er på 13,2 prosent. Dei beste kommunane ligg på 26,7 prosent menn.

Andelen av barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, har auka mykje dei siste åra nasjonalt. Den nasjonale trenden er på 85,9 prosent. I Lærdal går 81,3 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage.

Barnehagane har gode rutinar for å gjennomføre foreldreundersøkingar, og det er mykje positive tilbakemeldingar frå foreldra på barnehage tilbudet i Lærdal kommune.

I siste undersøking kom det fram følgjande forbetningspunkt som ein jobbar vidare med:

- Informasjon
- Innemiljø
- Uteområde

Kvalitet for andre teneste i kommune

Kommunen har eit variert kulturliv, og har høg skore på kulturindeksen. Kommunen er kjend for kulturminne og kulturlandskap, og har eit eige kunstsenter og kommunal kino.

Det er mange lag og organisasjonar som bidreg til eit aktivt kulturliv. Idrettslaget er ein viktig bidragsytar, og her ser prosjektgruppa viktigheten av å støtte pådrivarar og eldsjeler, kanskje enno meir enn det som blir gjort i dag. Særleg er tilbudet retta mot barn og unge viktig i kultursamheng, og støtte både i form av positiv merksemd og tilskot, kan gjere ein skilnad.

I den siste Ungdataundersøkinga er det avdekka at av dei eldste ungdommane er andelen som er misnøgde med lokalmiljøet sitt, høgare i Lærdal enn i landet elles. Dette kan vere ein indikasjon på at det ikkje er satsa godt nok på oppvekst og fritidstilbod for ungdom dei siste åra, det kan også vere uttrykk for andre ting.

Kulturskuletilbodet har tradisjonelt vore svært bra i Lærdal, no ser me at det svingar litt grunna utskifting, og koronaen har skapt ekstra utfordringar. Kulturskuletilbodet er viktig for born og unge i Lærdal.

Lærdal har noko lågare utlånstal for bøker på biblioteket samanlikna med landsnittet, men det har auka det siste året og går i positiv lei. Biblioteket har satsa mykje på å vere ein sosial møteplass, og er langt framme i bruk av sosiale media.

Det er også ei felles oppfatninga av at tekniske tenester er godt utbygd, Lærdal har flotte idrettsanlegg, og eit nytt teknisk bygg på Bergo stod klart ved nyttår. Det er i tidlegare kartleggingar peika på at kommunen eig ein stor bygningsmasse, og at sal av fleire bygg/eigedommar vil frigjere

kapital og redusere kostnader til vedlikehald. Uavhengig av omstillingsprosjektet er dette noko administrasjonen jobbar med, og målet er å få færre bygg og få til ei betre utnytting av eksisterande bygg.

Tilbakemeldingar som omhandlar teknisk ut frå no-situasjonen, er at dei har gjort forbetringar i leiings- og styringssystema sine, det er meir dokumentasjon og struktur enn det som har vore tilfelle tidlegare, og avvika som forvaltningsrevisjonsrapporten avdekkja i 2020, er langt på veg utbetra. Det er etablert ny rutine for årlege vedlikehaldsynfaringar som blir kombinert med vernerunde på hausten.

Nivået på kommunale avgifter i Lærdal kommune er relativt lågt; i 2020 var avgifta på kr. 13226 per husstand, og det plasserar kommunen på den øverste halvdel av dei rimelegaste kommunane i landet. Spennet på avgifter (inkl. e-skatt)varierer frå dei rimelegaste kommunane som betalar mellom 8 og 9000 i året, til dei dyraste som har avgifter på over kr. 23000 for ein husstand i året.

Kommunen som arbeidsgjevar

Det er kommunestyret som har det overordna ansvaret for å sette retning i arbeidsgjevarpolitikken, til dømes ved å vedta ein arbeidsgjevarstrategi. Det er rådmannen som har det løpande personalansvaret for den enkelte inkludert tilsetting, oppseiing, avskjed m.v., og ny kommunelov forsterkar skilje mellom politikk og administrasjon, og rådmannen sitt sjølvstendige ansvar for den administrative leiarfunksjonen.

Ein tydelig arbeidsgjevarstrategi kan medverke til ei god rollefordeling mellom dei folkevalde sitt ansvar og rådmannen si utøvande rolle som arbeidsgjevar, og ein strategi kan sette ein standard for felles haldningar, omdømmebygging (som er viktig rekrutteringsarbeidet) og etikk.

I 2019 blei det utarbeida ein strategisk kompetanseplan for Lærdal kommune som er eit godt verktøy for å vidareutvikle kompetansen i organisasjonen og jobbe meir strategisk med rekruttering og årlege handlingsplanar.

Kommunen har både i 2017 og i 2019 gjennomført KS sin medarbeidarundersøking (10-faktor), og ein jobbar gradvis med årshjulet og kvalitetsystemet Compilo der alt av handbøker, prosedyrar og avvik er samla og registrert. Det som framleis er mangelfullt er dokumentasjon av risikovurderingar (ROS-analysar), og systematikk i dette arbeidet.

Det er etablerte rutinar for oppfølging av sjukmelde som i stor grad blir følgt, og det blir gjennomført samtalegrupper med tilsette i dei mest sentrale tenesteeiningane. Ein får positive tilbakemeldingar på gjennomføring av samtalegruppene, og kommunen får bistand frå Arbeidslivssenteret. Særleg innan pleie- og omsorgssektoren har dette gitt synlege resultat med aukande nærver.

Lærdal kommune har over fleire år hatt eit høgare sjukefråver samanlikna med landsnitt og nabokommunar. Vidare syner resultatane frå medarbeidarundersøkingane at Lærdal har ein litt dårlegare skåre her enn landsnittet, sjølv om det varierer mellom einingane. Lågast skåre gjeld særleg for indikatoren leiing. Det har også gjennom fleire år vore ein høg turnover blant leiarar på alle nivå i organisasjonen, noko som er eit teikn på at det å vere leiar i Lærdal kommune har vore opplevd som krevjande, og fleire har valt å slutte. Her vil også samspelet og samarbeidet mellom politikk og administrasjon, og korleis dette fungerer, vere viktig. Mykje «støy» og negative mediaoppslag tilbake i tid kan ha medverka til uro.

Høgt sjukefråver over tid er svært kostnadskrevjande for ein kommune i form av store vikarutgifter, og skiftande leiing svekkar evna til god styring og evne til å ha orden i økonomien og i internkontrollen.

Her er det verdt å merka seg at kommunen har ei positiv utvikling siste året, og det er hittil i år ei stabil leiing utan utskifting. Akkurat no per juni-2021 er sjukefråveret framleis på veg ned. Det var også ein reduksjon i 2020, så står att å sjå om aukande nærver er ein positiv trend som vil halde fram for Lærdal kommune.

Prosjektgruppa meiner at arbeidsmiljøet i kommunen naturleg vil variere frå avdeling til avdeling, men at arbeidsmiljøet jevnt over er bra. På bakgrunn av tidlegare trendar med ustabilitet i leiinga, er det framleis ein organisasjonskultur i delar av kommunen som er krevjande for leiarar å handtere. Her er det viktig å ta tida til hjelp, det som «sit i veggane», er ikkje noko ein klarar å endra på kort sikt. Kulturbygging krev eit langsiktig fokus, ei tydeleg og samordna leiing som set retning, og ei god samhandling på tvers.

Alle tilsette uavhengig av stilling og ansvar må utfordrast til å medverke til eit godt arbeidsmiljø på arbeidsplassen sin, og det må jobbast hardt og målretta for å snu ein «sjukmeldingskultur» i avdelingar der dette har vore gjeldande.

Hovudtillitsvald Fagforbundet gir tilbakemelding på at samarbeidet med arbeidsgjevar administrativt så vel som politisk, opplevest som godt, det har det også gjort tilbake i tid. Han har i kontakt med plasstillitsvalde ute i tenesteiningane fått tilbakemelding på at samarbeidet stort sett fungerer godt. Det som er gjengangar er tilgang til informasjon og viktigheita av å bli teken med tidleg i endringsprosessar. På grunn av at Unio er i streik på det tidspunktet som denne rapporten er utarbeida og ferdigstilt, er dei hovudtillitsvalde i Utdanningsforbundet og i Sjukepleiarforbundet hindra i å delta aktivt i omstillingsprosjektet, men hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet har vore med i starten.

Kommunen må i større grad verdsette avdelingar, einingar og medarbeidarar som løftar det positive, evnar å tenkje nytt, og som medverkar til å sette fart på nødvendige omstillingsprosessar.

Grøne Lærdal

Dette er kommunen sin visjon, og i vedtekne planar og pågåande prosjekt er det fokus på kommunen si bærekraft når det økonomi, sosiale tilhøve og miljø/klima. Desse pågåande prosessane er positive og bidreg til omstilling og gjennomføring av det grønne skiftet, også for kommunen som verksemd.

For tilsette og leiarar kan det opplevast som meir motiverande å redusere budsjettet for å unngå sløsing og ha eit miljøperspektiv. Det som kommunen tidlegare brukte pengar på til å kjøpe nytt, kan i stor grad erstattast med gjenbruk, sambruk på tvers av sektorar, ein meir miljøvenleg reisepolicy og energisparing i kommunale bygg. Dette vil redusere kommunen sine kostnader samstundes som me sparar miljøet og klimaet, og når målsettingane i kommunedelplanen for klima og miljø.

Status i Lærdal kommune for dette arbeidet er at det blir jobba intensivt og godt med miljøfyrtårnsertifisering, og prosjektgruppa ser at dette arbeidet kan ha positive ringverknadar like mykje på økonomien som for klima og miljø ved at kommuneøkonomien blir meir «sirkulær» i tråd med nasjonale satsingar og føringar for kommunane.

Kjelder

KOSTRA-tal utgitt av SSB: <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/laerdal>

Økonomisk analyse av kommunane 2020. Utgitt av Agenda Kaupag og Storebrand Livforsikring

https://www.storebrand.no/filbibliotek/_/attachment/inline/a878b100-9694-44a3-b284-83e12ef00f9d/agenda-kaupang-okonomisk-analyse-kommuner-2020.pdf

Årsmelding og årsrekneskap for Lærdal kommune 2020

Kommunedleplan for klima og miljø i Lærdal kommune 2020 - 2030

Budsjett 2022. Økonomi- og handlingsplan 2022-2024

KOSTRA og effektivitetsanalyse 2019. Telemarksforskning

KOSTRA og effektivitetsanalyse 2020. Telemarksforskning

Tilstandsrapport for skular og barnehagar i Lærdal kommune 2020/2021

Kommunebarometeret 2020 – førebels utgåve (publisert i mai-2021)

Fråvær i Lærdal kommune


Lærdal kommune har hittil i år eit sjukefråvær på 6,61%

Ansvar	Hittil i år Sist møte	Hittil i år I oktober	Fråvær 2020		
110 Rådmann	0,57%	0,77%	2,13%		
114 Plan og forvaltning	1,71%	0,97%	1,18%		
129 Oppvekst	8,83%	8,02%	9,66%		
130 Bu- og miljøtenesta	8,96%	8,39%	7,27%		
131 Helse	4,52%	4,10%	12,34%		
132\135 Nav-flykt	11,68%	11,66%	8,63%		
133 PLO	6,10%	6,05%	8,77%		
136 Sogn LMS	14,08%	13,55%	14,36%		
151 Kultur	0,78%	0,79%	0,6%		
162\163 Teknisk-VAR	5,36%	4,81%	7,11%		

Lærdal bu- og omsorgsheim

Eigenmeldingar siste 12 månader 1,82% (1,71%)

Sjukmeldte siste 12 månader 3,26% (3,05%)




Heimesjukepleie og heimehjelp

Eigenmeldingar siste 12 månader 1,08% (1,28%)

Sjukmeldte siste 12 månader 6,09% (7,32%)

Område	Enhet	Totalt
Alle	13303:Heimesjukepleie...	Hittil i år: 7,55%
		Siste 12 mnd: 7,18%

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger




Lærdalsøyri barnehage

Eigenmeldingar siste 12 månader 2,00% (2,20%)

Sjukmeldte siste 12 månader 5,49% (6,88%)

Område	Enhet	Totalt
Alle	12904:LØBH	Hittil i år: 6,95%
		Siste 12 mnd: 7,50%

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Lærdalsøyri skule


Eigenmeldingar siste 12 månader 1,66% (1,69%)

Sjukmeldte siste 12 månader 9,18% (10,47%)

Område	Enhet	Totalt
Alle	12901:LØS	Hittil i år: 10,59%

Siste 12 mnd: 10,83%

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Nokre tal

Tal årsverk no 222,95

Tal tilsette no 280

Kostnader ved fråvær i Lærdal kommune, siste 12 månader kr 3 496 653.- (kr 3 661 206.-)

Kostnader pr. mnd., siste 12 månader kr 291 388.- (kr 305 101.-)

Ledige stillingar, nytt i einingane og permisjonar

PLO

Mari Klingenberg trakk seg frå stillinga som fagkoordinator, Lone Fretheim Larsen startar i denne stillinga 01.desember.

LMS

Mona Hålien er tilsett som sjukepleiar ved LMS frå 01.oktober.

Stab/støtte

Davy Van Menxel er tilsett i eit engasjement som IKT medarbeidar i eit år.

Tekniske tenester

Roy Håkon Fjellstad og Ivar Ivarson Molde startar ved teknisk drift 01. desember.

Magar Horge og Frode Tjønn er innvilga permisjon i eit år.

Helse

Silje Eidsgaard Langehaug er tilsett som prosjektleiar/helsesjukepleiar. Ho startar 01.november.

BU- og miljø

Har lyst ut 100% stilling som vernepleiar med frist 08.november



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
112/21	Formannskapet	25.11.2021

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr. 21/686 - 29
---------------------------	--------	--------------------------

Økonomi- og handlingsplan 2022-2025. Årsbudsjett 2022 med handlingsdel

Kort samandrag:

Framlegget til årsbudsjett for 2022 og økonomiplan for den neste 4-års perioden inneheld tiltak som skal redusere kostnadane slik at me oppnår eit netto driftsresultat i samsvar med målet om dette skal vere minimum 1,75 % av brutto omsetning. Utover i økonomiplanperioden som går over 4 år vil driftsmarginen blir noko svekka sjølv om det er lagt inn ein jamn reduksjon i driftskostnadane. Dette skuldast at budsjetterte inntekter blir legre og at rentekostnadane vil auke.

Det ligg føre framlegg til klimabudsjett som ein del budsjettdokumentet.

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2022-2025 slik det går fram av vedlagte framlegg til budsjett for 2022 og økonomi- og handlingsplanen i 2022-2025.

2. Skatteøyre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

3. For eigedomsskatteåret 2022 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnett, og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. Eigedomsskattelova (esktl.)

§ 3 første ledd bokstav c. For eideomsskatteåret 2022 skal det vidare skrivast ut eideomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 vart klassifisert som næringsideom, så langt desse var omfatta av eideomsskattegrunnlaget for verk og bruk 2018 jf. Overgangsregelen til eideomsskatteleva §§ 3 og 4 andre ledd. Generell skattesats etter denne bokstav vert sett til 7 %, Eideomsskatten forfell til betaling 30. mars og 30 september.

4. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil kr 30 386 000 i lån i 2022.

Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån kr 5000 000

Lån til investering i vatn og avløp kr. 16 000 000

Andre lån kr 9 386 000

5. Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Lærdal kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen får fullmakt til ei eventuell refinansiering.

5. Prisar og gebyr vert vedteken i samsvar med vedlagte oversikt.

Vedlegg:

Budsjett 2022

Innspeil til tre alternativ for utviding eller endring av Borgund barnehage

Gebyrsatsar 2022 for oppvekst, kultur, helse og omsorg, vilt og landbruk

Gebyr 2022 renovasjon - slam (SIMAS)

Gebyr 2022 VA-feiing

Gebyr for tenestetorget 2022

Gebyr kommunale bustader 2022

Kyrkja i Lærdal - Søknad om kommunal løyving 2022

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjetttramme i 2022 for kontroll- og revisjonsarbeidet

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Kommunelova med tilhøyrande forskrifter.

Saksutgreiing

I følgje kommunelova § 14-3 skal økonomiplanen for dei neste fire åra og årsbudsjettet for

komande året, vedtakast før årskifte.

Formannskapet gir innstilling til vedtak om økonomiplan og årsbudsjett. Innstillinga til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som ligg føre, skal offentleggjerast minimum 14 dagar før handsaminga i kommunestyret.

Budsjett og økonomiplan skal vere utarbeidd, vedteke og oppsett etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift. Økonomiplanen skal syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settast opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktlege. Økonomiplanen skal delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel. Årsbudsjettet skal delast inn i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett med same oppstilling som i økonomiplanen.

Det er lagt opp til at økonomiplanen inngår i kommuneplanen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1, 4.ledd.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal innehalde oppstillingane:

- bevilgningsoversikter drift etter forskrifta § 5-4 (to skjema etter 1. og 2. ledd)
- bevilgningsoversikter investeringar etter forskrifta § 5-5 (to skjema etter 1. og 2. ledd)
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifta § 5-6 (seinaste frist for innsending er 1. mars)
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifta § 5-7

Etter kommunelova har kommunestyret plikt til å vedta finansielle måltal for styring av kommuneøkonomien. Det er difor lagt inn eit eige avsnitt som omhandlar dette.

Vurdering

Dei kostnadsreducerande tiltaka som er lagt inn i økonomiplanen, er ambisiøse. Her er det viktig å minna om at tiltak i form av færre stillingar/legre lønnskostnader, tek tid å få gjennomført. Det har vore vore gjennomført fleire rundar med einingane, og i framlegget som no ligg føre, er driftskostnadane allereie teke ned.

Det er rådmannen si vurdering at informasjon, medverknad og fagleg utvikling må til for at ei omstilling skal bli konstruktiv og gje effekt. Delprosjekta i omstillingsprosjektet skal medverke til at kommunen vert bærekraftig økonomisk, sosialt og miljømessig. Resultata så langt i 2021 tyder på at me er på god veg til å lukkast.

Det er elles lagt til grunn at det politiske fleirtalet i kommunestyret ikkje ønskjer å nytte seg av det lokale handlingsrommet som ein har til å auke inntektene ved å innføre eigedomsskatt på hus og fritidsbustader slik rådmannen har føreslege.

Økonomisk oversikt jfr forskrifta §5-6

Økonomisk oversikt § 5-6	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	79 014 133	76 704 000	77 167 000	77 446 000	77 456 000	77 430 000
2 Inntekts- og formuesskatt	57 504 985	78 589 000	80 564 000	80 564 000	80 564 000	80 564 000
3 Eiendomsskatt	18 957 937	18 836 000	18 200 000	16 900 000	16 900 000	16 900 000
4 Andre skatteinntekter	21 733 924	7 402 000	7 831 000	7 831 000	7 831 000	7 831 000
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	6 790 524	4 618 000	3 111 000	2 143 000	1 439 000	1 223 000
6 Overføringer og tilskudd fra andre	69 624 757	45 130 700	43 321 400	42 921 400	42 921 400	42 921 400
7 Brukerbetaling	10 086 169	9 804 000	10 050 000	9 750 000	9 750 000	9 750 000
8 Salgs- og leieinntekter	17 869 292	31 101 200	38 667 800	34 467 800	33 467 800	34 467 800
9 Sum driftsinntekter	281 581 721	272 184 900	278 912 200	272 023 200	270 329 200	271 087 200
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	144 834 306	146 802 800	149 127 000	145 179 112	144 294 412	144 164 412
11 Sosiale utgifter	30 357 650	37 704 500	38 491 100	38 462 988	38 459 988	38 459 988
12 Kjøp av varer og tjenester	62 061 460	63 549 300	65 542 100	64 860 100	64 767 600	64 747 600
13 Overføringer og tilskudd til andre	19 273 492	16 735 100	12 056 000	11 970 800	11 560 500	11 560 500
14 Avskrivninger	15 449 842	16 046 159	-	-	-	-
15 Sum driftsutgifter	271 976 750	280 837 859	265 216 200	260 473 000	259 082 500	258 932 500
16 Brutto driftsresultat	9 604 971	8 652 959	13 696 000	11 550 200	11 246 700	12 154 700
Finansinntekter						
17 Renteinntekter	985 872	550 000	700 000	700 000	700 000	700 000
18 Utbytter	6 572 500	3 643 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-	-	-
20 Renteutgifter	5 241 807	4 500 000	5 750 000	6 250 000	6 250 000	6 750 000
21 Avdrag på lån	12 940 678	13 000 000	13 000 000	13 000 000	13 000 000	13 000 000
22 Netto finansutgifter	- 10 624 114	- 13 307 000	- 13 050 000	- 13 550 000	- 13 550 000	- 14 050 000
23 Motpost avskrivninger	15 449 842	16 046 159	-	-	-	-
24 Netto driftsresultat	14 430 699	5 913 800	646 000	1 999 800	2 303 300	1 895 300
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
25 Overføring til investering	-	-	-	-	-	-
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne drif	- 4 375 758	7 422 800	4 013 000	4 381 000	5 076 000	5 292 000
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjon	- 16 860 404	- 1 572 000	- 4 659 000	- 2 381 200	- 2 772 700	- 3 396 700
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	6 805 462	-	-	-	-	-
28 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
29 Sum disponeringer eller dekning av netto d	- 14 430 699	5 850 800	- 646 000	1 999 800	2 303 300	1 895 300
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-	-	-
Differanse		63 000				
konto 16920		-70 000				
konto 12900		7 000				
Sum		-63 000				



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
114/21	Formannskapet	25.11.2021
	Administrasjonsutvalet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr. 21/973 - 1
---------------------------	--------	-------------------------

Openheit i Lærdal kommune Status og tiltak til forbetring

Kort samandrag:

I samband med publisering av «Åpenhetsbarometeret» for 2021, er openheit og praktisering av offentlegheitslova satt på dagsorden i norske kommunar.

Både administrasjonen og dei folkevalde har vist interesse for resultatet som kom fram i barometeret, og i siste formannskapsmøte vart rådmannen bedt om å leggje fram ei sak om openheit og offentlegheit i Lærdal kommune.

Rådmannen si tilråding:

1. Meiroffentlighetsprinsippet skal gjelde alle forvaltningsorgan i Lærdal kommune.
2. Lærdal kommune sørger for at innsynskrav vert behandla så raskt som råd og seinast innen tre virkedagar.
3. Lærdal kommune legg til rette for å styrke kunnskapen om offentleglova i høve

sakshandsaming i Lærdal kommune. Tiltak i fyrste omgang er å løfte fram opplæring for folkevalde og tilsette omkring openheit, ved å oppfordre politikarar og pålegge sakshandsamarar og leiarar å nytte e-læringsportalen

<https://laeringsplattformen.difi.no>

og velje tilbodet «Innsyn – eit e-læringsmagasin om offentleglova.

3. Lærdal kommune oppfordrar tilsette til å være opne om arbeidssituasjonen sin og andre forhold i kommunen, også når det gjeld negative forhold.

4. Kommunestyremøte vert så langt som råd strøyma/videoverført direkte, og i etterkant lagra på heimesida.

5. Rådmannen jobbar vidare med tiltak som skal forbetre openheita i kommunen og sikre innsyn og tilgjengelegheit til dokument som er offentlege.

Relevante dokument i saka

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Kommunelova

Forvaltningslova

Offentlegheitslova

Arbeidsmiljølova

Hovedavtalen

Saksutgreiing

Generelt

Lærdal kommune er ein transparent kommune som ønskjer å vere open.

Me journalfører all inn- og utgåande dokument/korrespondanse, og dokumenta ligg tilgjengeleg på Lærdal kommune si heimeside. Desse vert som hovudregel publisert med ei forseinking på 3 dagar jfr. kommunen sine skrevne rutinar for føring av postjournal. På heimesida finn ein og fullstendig oversikt over møteplan og saksdokument med vedlegg

tilgjengeleg 6-7 dagar før møte.

Me starta med videooverføring av kommunestyremøta på slutten av året i 2020, og i 2021 har fire av fem kommunestyremøter vore strøyma og direktesendt gjennom eit samarbeid med Hallo Sogn streaming og videotenester. Dei andre politiske møta i formannskapet og utvala vert ikkje strøyma.

Om «åpenhetsbarometeret» og resultatet for Lærdal kommune

Dette er ei undersøking som blir gjennomført av presseforbundet i samarbeid med Kommunal Rapport, og baserer seg på kartlegging av informasjon tilgjengeleg på heimesida, kontroll/direkte førespurnad til kommunen om innsyn og spørsmål som kommunen har svart på.

Lærdal kommune kom på 235. plass av i alt 356 kommunar og fekk totalt 12,5 poeng av maksimalt. Høgast poengsum for dei beste kommunane er 29,5 poeng.

Det som me i all hovudsak har fått poeng for er at det er gitt innsyn i arbeidsavtalen til rådmannen etter 1 virkedag, det er tilgjengeleg postliste på nett med søkefunksjonar, utgåande dokument er som hovudregel publisert i fulltekst, det er delvis kontaktinformasjon til politikarane på heimesida, og politikarane er registrerte i styrevervregisteret, møteinnkalling og politiske dokument vert publiserte på heimesida.

Det som me har fått minuspoeng for er at publiserte dokument i postlista vert automatisk sletta etter 3 månader (-4 poeng), me har berre delvis gitt innsyn i eit innsynskrav som kom og brukte i det tilfelle fleire dagar enn lovkravet (-1 poeng), og me får 0 poeng for ein del indikatorar som ikkje har svart på eller der me ikkje oppfyller krav. Til dømes at me ikkje har byggesak på nett, at me manglar retningslinjer for kor fort me publiserer politiske dokument på nett og me publiserer ikkje interne dokument på postlista.

Tiltak

Lærdal kommune legg til rette for å styrke kunnskapen om offentleglova i høve sakshandsaming i Lærdal kommune. Tiltak i første omgang er å løfte fram opplæring for folkevalde og tilsette omkring openheit, ved å oppfordre politikarar og pålegge sakshandsamarar og leiarar å nytte elæringsportalen <https://laeringsplattformen.difi.no/>

og velje tilbodet «Innsyn – eit e-læringsmagasin om offentleglova.»

Innsyn er eit e-læringsmagasin som gjev innsikt i offentleglova. Du lærer korleis du praktiserer meiroffentlegheit og handterer innsynskrav, og du får oversikt over dei viktigaste unntaka frå openheit og grunngjevinga for desse. Kurset er for alle som jobbar i offentleg sektor.

Openheit handlar ikkje berre om offentleggjering av dokument, men også om retten til å kunne seie frå om til dømes kritikkverdig forhold.

Tilhøvet mellom tilsette og leiing, medverknad og samarbeid er nedfelt i Hovudavtalen. I tillegg skal det partsamansette Administrasjonsutvalet sikre at kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk både fungerer og vert utvikla, samt at naudsynt kunnskap går frå dei tilsette til politisk nivå og omvendt.

Det er likevel viktig å forstå dei folkevalde si spesielle rolle som ombod for alle innbyggjarane i kommunen. Så lenge ein forstår dei respektive rollene og følgjer lov og avtaleverket – er det både tillatt og ønskjeleg at det er eit ope og godt forhold mellom dei folkevalde og dei tilsette i kommunen.

Sivilombudsmannen skriv:

« Ytringsfriheten er en av de grunnleggende menneskerettighetene, beskyttet i Grunnloven § 100, Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK) artikkel 10 og FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter (SP) artikkel 19. De to konvensjonene gjelder som norsk lov, jf. menneskerettsloven. Ansattes ytringsfrihet er ikke særskilt regulert i disse bestemmelsene, men det rettslige utgangspunktet er at de har det samme vernet som enhver annen borger. Det er imidlertid bare adgangen til å ytre seg på egne vegne som er beskyttet av ytringsfriheten. Arbeidsgiveren står fritt til å bestemme hvem som skal uttale seg på vegne av virksomheten og hva som skal sies. Om en ansatt må anses å ha ytret seg på egne eller arbeidsgivers vegne, vil derfor kunne være avgjørende ved vurderingen av om en ytring er rettmessig. Arbeidstakere må også tåle visse begrensninger i ytringsfriheten for uttalelser de kommer med på egne vegne. Det følger av Grunnloven § 100 og EMK artikkel 10 at slike begrensninger krever et særskilt rettslig grunnlag. Dette kan være lovfestede begrensninger (for eksempel taushetsplikt), avtaler om taushetsplikt eller den ulovfestede lojalitetsplikten som gjelder i alle arbeidsforhold. Lojalitetsplikten innebærer at ansatte har plikt til å opptre lojalt i forhold til den virksomheten de arbeider i. Dette betyr imidlertid ikke at arbeidsgiver har fri adgang til å regulere eller sanksjonere ytringer som ansatte fremsetter på egne vegne, etter sin egen forventning til de ansattes lojalitet. Tilgang til informasjon og en informert offentlig debatt er viktig for et velfungerende demokrati. Ansatte vil kunne ha spesiell kompetanse, innsikt og erfaring knyttet til arbeidsforholdet. Det vil ofte være nettopp i egenskap av å ha førstehånds kjennskap til området, at den ansattes ytringer har betydning iden offentlige debatten.

Ansattes ytringsfrihet kan også bidra til å motvirke og avdekke ulovlige eller kritikkverdige forhold.»

Lærdal kommune har ein bra balanse i dag med omsyn til openheit. Likevel kan det ikkje skade å styrke medvet og kunnskap omkring openheit hos folkevalde, leiarar og sakshandsamarar og andre tilsette i Lærdal. Derfor er effektive og fleksible læremotodar som e-læring kring desse spørsmåla føreslege som eit av fleire tiltak.

Økonomiske konsekvensar

Dei fleste tiltaka har ingen økonomiske konsekvensar utover tidsbruk til opplæring, oppdatering av rutinar m.v.

Dersom ein skal strøyme/videoverføre fleire politiske møter og/eller innføre

Vurdering

Det er rådmannen si vurdering at praktisering av openheit i kommunar som oftast handlar mest om kultur, kompetanse og gode rutinar, og at dette betyr meir enn økonomiske ressursar. Ein openheitskultur krev felles innsats og merksemd både frå folkevalde og administrasjonen, det krev kompetanse og kontinuerleg fokus. Denne saka er med på å sette temaet på dagsorden, og medverkar til at me alle reflekterer over eigen praksis, og det utfordrar våre haldningar til openheit

Publisering av dokument i fulltekst krev kompetanse og kunnskap om personvern og offentlighetslova, og det aukar risikoen for at opplysningar om personlege forhold som er underlagt teieplikta. Difor er det viktig at me jobbar for å styrke kompetansen til dei tilsette, og jobbe for å ha gode rutinar.

Forord

Dette er årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til fylkestinget i Vestland. Årsmeldinga gjeld for barnehage- og skuleåret 2020-2021. Den er skriva med utgangspunkt i dei førespurnadane som har kome til mobbeombodet og det arbeidet som har vorte gjort. Vi rapporterer til fylkestinget for å vise korleis ressursar har vore nytta, men enno meir for å peike på svakheiter og sjå moglegheiter som kan vere eigna i det vidare arbeidet i fylkeskommunen og kommunane.

Når mobbeombodet mottar ein førespurnad, høyrer vi om barn som ikkje har det trygt og godt på skulen eller i barnehagen. Vi får innsyn i kva som ligg i barns opplevingar av å ikkje ha det trygt og godt og kva hjelp dei ønskjer. Dette er viktig å løfte og gjere kjent. Når eit barn ikkje har det bra, bør foreldre i dei aller fleste saker involverast. Dei har omsorgsplikt og har rett til å bli informert om saker som angår barnet. Foreldre er ein viktig del av arbeidet med trygge og gode psykososiale miljø. I år har vi valt å ha særleg fokus på foreldre i årsmeldinga.

I rolla som mobbeombod kjem vi òg i posisjon til å sjå kva som konkret fremmar og hemmar gode løysingar i skule og barnehage, og kva tilsette og støttesystem ønskjer hjelp til. Dette må vi formidle.

Vi takkar alle som har tatt kontakt med oss og dei vi har samarbeidd med dette året. Vi har lært av kvarandre, og vi utviklar oss stadig. Vi tar med oss vidare all tilbakemelding vi har fått. Vi er særlege takksame for samarbeidspartar som har utfordra oss på eige arbeid. Det har bidrege til at vi utviklar rolla vår og kvaliteten på tenesta vi leverer.

Vi ber særleg om at ansvarlege politikarar, administrasjon og tilsette i skule og barnehage løftar og bruker årsmeldinga. Les den, lytt til erfaringane frå elevar, foreldre og tilsette, og kontakt oss gjerne om du vil høyre meir!

Aina Drage og Mari-Kristine Morberg,
Mobbeombod i Vestland, 01.07.21

Samandrag

Alle barn og elevar skal ha trygge og gode psykososiale miljø. Barnehagen og skulen skal ha nulltoleranse for krenkingar som til dømes mobbing, trakassering og diskriminering, og dei har ei aktivitetsplikt når eit barn ikkje har eit trygt og godt leik- og læringsmiljø.

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn og unge i barnehage og grunnskule i Vestland, og for deira foreldre. Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø.

Vårt arbeid har dreidd seg både om førebygging, handtering og oppfølging av utrygge miljø og mobbing. Vi har mottatt 201 førespurnader som gjeld barnehage- og/eller skulemiljø i Vestland. Det er flest foreldre som har tatt kontakt, men vi har òg mottatt førespurnader frå tilsette. Mobbeombodet har deltatt med innlegg og føredrag for foreldre, for tilsette og for lokalpolitikarar. I samarbeid med elev- og lærlingombodet har mobbeombodet jobba for å utvikle ei god teneste for barn og unge. Saman har vi òg hatt faste møte med politisk og administrativt nivå. Slik har både tenesta blitt tatt i vare og erfaringar fanga opp og delt med ansvarlege. Gjennom året har det òg vore eit mål å gjere mobbeombodstenesta synleg for dei vi er sett til å hjelpe.

Barns opplevingar av utrygge miljø er samansette og handlar om meir enn mobbing. Barn viser til utrygge miljø, tydelege overtramp og krenkingar som kan vere vanskelege å fange opp.

I handtering av saker er barnehagen/skulen sin evne og kompetanse avgjerande. Foreldre som tar kontakt med oss opplever at barnet deira ikkje får den hjelpa dei treng og som barnet har krav på. Det kan vere at barnet ikkje blir trudd eller opplevingane blir bagatelliserte. Nokre gongar verkar ikkje tiltak, andre tiltak forverrar situasjonen eller opplevast krenkjande. Når barn har det vanskeleg, ser vi at foreldre også blir meir sårbare. Når foreldre og skule/barnehage ikkje forstår situasjonen likt, utløyser det ofte stress for ein eller begge partar. Det kan føre til konfliktfylte situasjonar. Slike konfliktsituasjonar er noko av det tilsette ber om hjelp til.

Basert på førespurnadane i 2020-21 har mobbeombodet følgjande oppmodingar til ansvarlege i barnehage og skule:

- 1) Tru på barn. Alle tilsette må ha kompetanse og ressursar til å ta imot barn som fortel om at dei ikkje har det bra.
- 2) Samarbeid på ekte. Foreldre må bli sett på som ein likeverdig partnar og verdifull bidragsytar.
- 3) Kjenn barn sine rettar. Vaksne som jobbar med barn må ha kunnskap om barn sine rettar og korleis ein gjer ei vurdering av barnets beste.
- 4) Forstå. Alle tilsette i barnehage og skule må ha god kompetanse om grupper, gruppedynamikk, sosialt samspel og mobbing.
- 5) Be om hjelp. Gode vaksne har òg behov for hjelp, dei må vite når dei skal be om det og dei må ha naudsynt kompetanse tilgjengeleg.



Kontrollutvala i eigarkommunane til SIMAS IKS

Festingdalen 12.11.21

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport i SIMAS IKS

Me viser til forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG datert november 2020, og seinare vedtak i kommunestyra i eigarkommunane til SIMAS om oppfølging av rapporten. Rapporten konkluderte overordna med at sjølvkost for hushaldningsavfall i det vesentlege er godt dokumentert og finn ikkje at SIMAS tek inn for mykje gebyr i høve til sjølvkost.

Forvaltningsrevisor viser også til områder med potensiale for forbetring. Status på arbeidet innan forbetningsområda, som revisor tilrår oppfølging på overfor SIMAS, er som følgjer;

1. Dokumentasjon av fordelingsnøklar

Fordelingsnøkklane ligg i budsjettnotatet og er omtala med kommentar for alle nøklane. Ved tidspunkt for forvaltningsrevisjon var ein av nøklane ny og var ikkje forklart i budsjettnotatet, men ettersendt. Alle nøklane som er nytta er no forklart i budsjettnotatet slik at det er mogeleg å verifisere grunnlaget for nøklane.

2. Skriftlege avtalar

SIMAS og SIRKLA har rammeavtale som regulerer kjøp av tenester. Tenester som SIMAS kjøper hjå SIRKLA er knytt til containertransport frå miljøstasjonane, eventuelt andre transportoppdrag. Dette er i utgangspunkt oppdrag som SIMAS har kapasitet til sjølv, men det kan oppstå situasjonar der ein må nytte andre transportørar. Det er no laga ny rammeavtalen mellom dotterselskapet SIRKLA Ressurs AS og SIMAS som også regulerer kjøp av tenester frå SIRKLA til SIMAS frå 01.01.2022.

3. Hyttegebyrmodellen

SIMAS innførte kriteria for differensiering av renovasjonsgebyra til fritidsbustader i 2020. Gebyrmodellen er basert på kriterie- og kategorioppsett frå andre avfallsselskap, som har nytta modellen i mange år. Bakgrunn for at ein valde denne gebyrmodellen er at ein vurderte bruken av fritidsbustader i SIMAS-regionen som relativt lik dei aktuelle avfallselskap ein henta informasjon frå. SIMAS arbeider no for å få fram eige grunnlag for differensieringa. Styret har bestemt at ein skal starte prøveordning med digital registrering på innkast på utvalde returpunkt for fritidsrenovasjon, og i løpet av 2-3 år samle inn nok dokumentasjon som grunnlag for eventuell revidering av modellen. Styret vurderer dagens modell som meir hensiktsmessig enn den gamle modell der alle fritidsbustader hadde same gebyrnivå. Eventuelt endring vil vert



justeringar mellom dei ulike kategoriane. Nivået på samla gebyr frå fritidsbustader på om lag 50% av standard renovasjonsgebyr vart i revisjonsrapporten vurdert til å vera på nivå med andre avfallsselskap selskap og godt nok dokumentert. Dette samsvar med berekningane som låg til grunn for endring av gebyrmodellen.

Avfallsbransjen står ovanfor store endringar i samband med overgang til ein sirkulær økonomi. Dette, saman med nye krav til drift av anlegga, er styrande for utvikling av avfallshandteringa hjå SIMAS. Selskapet har i haust utarbeida ny strategiplan – Avfall 2025 – som viser korleis ein ønskjer at SIMAS skal utviklast og møte framtida. Strategiplan har vore presentert i alle kommunestyra, eks Årdal. Strategiplan vart godkjent på møtet i representantskapet i SIMAS i oktober, og vil no ligge til grunn for dei årlege handlingsplanane.

Dette til informasjon.

Med vennleg helsing
SIMAS IKS

Hallvard Thomassen
Direktør

Kopi: Styreleiar Jøril Hovland

22.2.2021 KONTROLLUTVALET

KON- 5/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG.

I forvaltningsrevisjonen er det gjennomgått ulike aspekt ved organiseringa av heimetenesta. Det er gjort vurderingar kring tildeling av heimetenester og kring kapasitet i heimetenesta.

Hovudkonklusjonen til revisor er som følgjer: Revisor vurderer at:

- rutinane for tildeling av heimebaserte teneste tek tilstrekkeleg omsyn til søkaren, at utgreiinga er tilstrekkeleg og at effektiviteten i tenesteytinga og tildelingsprosessen er forsvarleg.
- kommunen sitt system for kartlegging av behov tek omsyn til høve knytt til pasienten, sikrar medverknad og oppfyller krav til utgreiing og organisering i samsvar med krav i lovverket.
- vedtak om tildeling av tenester eller avslag på tildeling av tenester generelt er i samsvar med krava til enkeltvedtak i forvaltningslova og pasient- og brukarrettslova.
- systemet for samarbeid ikkje verkar negativt inn på tenesteutøvinga.
- kommunen sine rutinar for evaluering av tenester i hovudsak fungerer hensiktsmessig.
- den formelle organiseringa syner å ivareta omsyn til pålagte oppgåver og arbeidsmiljøet til dei tilsette.
- det er vesentlig at kommunen held fram arbeidet med å oppretthalde stabilitet i leiinga i heimetenesta.
- det er viktig for kommunen å dimensjonere bemanninga rett i høve til oppgåver.

Revisor si tilråding er at Lærdal kommune prioriterer følgande:

- Sikre stabilitet i leiinga i heimetenesta over tid.
- Vurdere å auke årsverk, særleg knytt til:
 - Sjukepleiarar, for å sikre tilgang på rett fagkompetanse ved behov.
 - Sakshandsaming tildeling av tenester, for å sikre trygg sakshandsaming til rett tid.
- Oppdatere køyrelistene jamleg, slik at dei er i samsvar med gjeldande behov.
- Auke fokus på å melde frå om redusert tenestebehov.

Tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå forvaltningsrevisjonen.

Kontrollutvalet vil rå til at tilrådingane i rapporten vert følgt opp og sett i verk i det vidare arbeidet med å sikre kvaliteten og effektiviteten i heimetenesta.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport hausten 2021.

Samrøystes

NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2022

[Tilbake til kursoversikten](#)

Nøkkelfo

Fra/til	2.2–3.2
Påmeldingsfrist	16.12
Pris	Annonseres senere
Sted	The Qube - Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen
Varighet	2.2.: 10.00 - 17.00 3.2.: 09.00 - 13.00

Vi har gleden av å invitere til NKRFs årlige Kontrollutvalgskonferanse 2. - 3. februar 2022, igjen fysisk på Gardermoen. Vi benytter som vanlig **The Qube**, som ligger i tilknytning til hotellene [Clarion Hotel & Congress Oslo Airport](#) og [Comfort Hotel RunWay](#).

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. I 2021 samlet konferansen rundt 400 deltakere *digitalt*. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere.

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

Programmet begynner å ta form, og det er nå åpnet for påmelding.

På **Kontrollutvalgskonferansen 2022** vil du blant annet møte:

- Sivilombud **Hanne Harlem** | Rettssikkerhet, åpenhet m.m. – status i kommune-Norge
 - Er våre verdier truet?
 - Fellesskapets verdier – mer enn bare penger
- Økokrimsjef **Pål Lønseth** | Korrupsjonsrisiko i kommunesektoren
 - Korrupsjon og kommune hører ikke sammen
 - Er kommunen truet av korrupsjon
 - Hvordan hindre/forebygge korrupsjon?
 - Fellesskapets verdier – truet av korrupsjon?
- Advokat Ph.D. og ekspert på varsling **Birthe Eriksen** | Varsling til kontrollutvalget
 - Kontrollutvalget og varsling – den vanskelige rollen
 - Kontrollutvalget og varsling – hvordan håndtere det best mulig?
 - Varsling – en sak for kontrollutvalget?
- Kontrollutvalgsleder i Arendal **Haagen Poppe** | Hvorfor – og hvordan - være seg bevisst kontrollutvalget som kommunestyrets kontrollorgan?
 - Kontrollutvalget – kommunestyrets kontrollorgan – hvorfor og hvordan?
 - Kommunestyret og kontrollutvalget – hvordan få fram det beste i hverandre?
 - Kontrollutvalget – kommunestyrets ektefødte barn

- Cybersikkerhetsekspert **Chris Culina** | Hvordan går man frem for å sikre en virksomhet som driver med alt?
 - Hvordan hindre at din kommune blir utsatt for datakriminalitet?
 - Hvordan hindre innbrudd i kommunen?
 - Innbrudd i kommunen – det verste som kan skje?

I tillegg jobbes det med mange flere spennende innledere, som vil bli publisert så snart de er bekreftet.

Følg med!

[Det tas forbehold om endringer i programmet. Sist oppdatert: 19. november]

Etterutdanning:

- 11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning

Påmeldingsskjema

Selskap/enhet

Fakturaadresse

Postnummer

Poststed

Ressursnr. e.l. (som ref. på faktura)

Er medlem i NKRF

Epost, kopimottaker

Deltakere

Deltaker #1

Fornavn

Etternavn

Epost

Mobil

Fødselsår

Tilleggsopplysninger

Ønsket deltakelse

Velg ...



Fjern

+ Legg til deltaker

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 19/2021 Framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2022

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 6.12.2021	Saknr 19/2021
---	------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2022.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1		Sekretariatet	Utkast til møteplan for 2022

Saksutgreiing:

Vedlagt ligg utkast til møteplan for kontrollutvalet i 2022. Utkastet er eit utgangspunkt for planlegging og er såleis meint å endrast i høve til korleis dette passar medlemmene i kontrollutvalet.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet i Lærdal 2022

I tillegg til oppsette saker kjem andre aktuelle saker for kontrollutvalet. Dette er ikkje ei endeleg sakliste, og punkt kan bli flytta mellom møta.

Møte	Tidspunkt	Saker:
1. møte	21. februar	<ul style="list-style-type: none"> • Årsmelding for kontrollutvalet • Bestillingsdokument eventuelt forvaltningsrevisjonsprosjekt inneverande år • Budsjett for kontrollutvalet (orientering om vedtak)
2. møte	25. april (møtedato kan bli flytta avhengig av kor tid årsrekneskapen skal handsamast i formannskapet)	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap for kommunen (fråsegn frå kontrollutvalet) • Val av leverandør av forvaltningsrevisjon/selskapskontroll (tentativt)
3. møte	13. juni	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang tertialrapport (1. tertial) • Gjennomgang årsrekneskapen for Okken Kraft AS
4. møte	19. september	<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av eventuelle revisorbrev • Budsjett kontrollutvalet (forslag til administrasjon) • Handsaming ev. forvaltningsrevisjonsrapport
5. møte	21. november	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang av tertialrapport (2. tertial) • Innspel til årsmelding for neste år • Møteplan for neste år